

# Årsmelding – Årsrekneskap 2022

## Osterøy

---



## Innleiing frå Rådmann

### Føreord frå Rådmann - Innleiing til årsmelding

Vi har lagt bak oss nok eit år, og det er tid for å gjere opp status for den kommunale drifta i 2022. Året har som vanleg bydd på mange kjekke hendingar og gladsaker, men og saker og hendingar som har vore mindre kjekke. Begge deler skal vi ta med oss og om mogeleg lære av.

Noko av det mest gledelege er at vi har klart å leggje fram eit rekneskap som syner overskot på drifta. Lenge såg prognosane dårlege ut, men overskotet er takka vere nøktern drift og uventa inntektsauke på slutten av året. Netto driftsresultat er 1,5% av brutto driftsinntekter. Sjølv om talet ligg noko under tilrådd nivå, er vi nøgd sett i lys av det utgangspunktet vi hadde då budsjettet vart vedteke.

Det har vore krevjande å få drifta til å gå rundt grunna stort sjukefråvær og lite tilgang på vikarar og fagkompetanse. Dei tilsette i kommunen på alle nivå har strekt seg langt og vore løysingsorienterte. Dei fortener stor takk for det.

For oss som arbeider i Osterøy kommune er det viktig at vi har brukarane i fokus. Det er dei som treng tenestene våre vi er her for. Vi skal syte for at brukarane våre får forsvarleg og god nok hjelp innanfor rammene av gjeldande lovverk, økonomiske rammer og fagkompetanse.

Det å rekruttere og nytte rett kompetanse er til tider krevjande, men heilt naudsynt for at vi skal klare oppdraget vårt. Utfordringar med å fylle vakante stillingar har prega organisasjonen i 2022. Vi ser at vi slit med å få tak i fleire typar fagkompetanse. Dette av di det er mangel på tilgjengeleg arbeidskraft innan ein del profesjonar. Nærleiken til Bergen gjer og at vi på fleire felt konkurrerer med statlege etatar, helseføretak, fylkeskommune og andre om den same arbeidskrafta. I ein situasjon med knappe ressursar er det viktig at vi konsentrerer oss om kommunen si kjerneverksemd og oppgåver. Vi må difor prioritere strengt og tole kritikk for at vi ikkje kan ta tak i alle saker eller delta på alle dei arenaer der det er venta at vi er.

Vi har i løpet av 2022 hatt fokus på arbeidet med å tydeleggjere roller og ansvarsdeling. Dette har vore heilt naudsynt då vi ser at ein del av dei retningslinene og rutinane vi har hatt både er for dårlege og utdaterte. Dette er eit kontinuerleg arbeid som jamleg må jobbast med for å haldast à jour.

Vi har og jobba med å standardisere og digitalisere arbeidsprosessar. Nye og betre fagsystem og nye og oppdaterte lovverk krev gjennomgang av gamle malar og arbeidsprosedyrar. Målet er ei meir straumlineforma sakshandsaming der vi sikrar persontryggleik, kvalitet, likehandsaming og effektivitet. Vi ser at dette har vore eit heilt naudsynt arbeid på fleire tenesteområde.

Osterøy kommune er ein relativt stor kommune i norsk målestokk. Vi har over 850 tilsette i små og store stillingar. Alle tilsette, uavhengig av stillingsstorleik skal fylgjast opp av ein leiar. Vi veit at det å bli sett og fylgt opp av ein leiar er viktig både for trivsel, kjensla av å vere inkludert og at oppfølginga er førebyggjande for sjukefråvær og turn over. Det å ha god organisering og nok leiartettleik til å klare å sjå alle er ei utfordring. Det handlar om at vi har ei organisering som gjer det mogeleg å handtere kontrollspenn. I mange av tenesteeiningane våre har leiarane i dag for mange å fylgje opp. Dette er noko vi må jobbe vidare med.

Noko av det eg meiner vi ikkje har lukkast godt nok med er å få til gode politiske prosessar og føringar i ein del saker og på einskilde saksområde. Dette må vi ta inn over oss, og gjere betre i godt samarbeid med ordførar, formannskap, plan- og kommunalteknisk utval og heradsstyret. Eg opplever at

temasamlingar vi har hatt med heradsstyre har vore gode og til hjelp i å byggje tillit mellom administrasjon og politikk. Men vi har feila i dialogen i fleire einskildsaker.

Til slutt vil eg minne om kor viktig det er at kommunen klarer å vere i utvikling. Vi må erkjenne at vi i åra som kjem må omstille oss. Anten vi likar det eller ikkje vert det mindre ressursar å drive for og med. Dette må vi tilnærma oss på ein god måte, gjennom samarbeid og nye måtar å løyse oppgåver på. Vi må ha ei meir effektiv drift. Vi må halde igjen på investeringar. Vi vert tvinga til å tilpasse tenestene til endra demografi. Vi må endre og utvikle pleie- og omsorgstenestene kommunen leverer og vi må samordne alle tenester og fagområde betre på tvers av sektorar.

Det krev at administrasjon og folkevalde saman jobbar seg framover. Vi skal ha respekt for kvarandre sine roller, og erkjenne behovet for gjensidig tillit og respekt. Vi i administrasjonen skal leggje til rette for gode politiske prosessar og vedtak. Då er det viktig at vi fangar opp kva som er viktige politiske saker på eit tidleg tidspunkt. Vi må og bli betre på å opplyse sakene betre og leggje dei fram slik at både folkevalde og innbyggjarane er kjende med kva sakene handlar om og kva som vert konsekvensane av eventuelle vedtak. Dette er oppgåver vi skal prioritere framover.

Helsing

Ingvild Hjelmtveit

Rådmann

## Internkontroll

Kommunelova §25 nr 2 pålegg Rådmann å rapportere på internkontroll og resultat av statleg tilsyn minst ein gong i året. Internkontroll handlar i grove trekk om å sjå til at me har rutinar og system for korleis me skal handtere ulike saker og hendingar. Deretter handlar det om å sikre at gjeldande rutine vert følgt.

Me har starta med overordna kartlegging av internkontrollen. Han syner at me har mykje på plass, men ein del reglement og rutinar må oppdaterast. Me manglar ein del overordna analysar og risikokartleggingar som me vil ta tak i.

## IKT tryggleik

For å møte framtidig risikobilete har kommunane i Nordhordlandssamarbeidet oppretta ein sikkerheitsorganisasjon med ein eigen sikkerheitskoordinator (SK) og sikkerheitsansvarleg (SA). Sikkerhetsorganisasjonen jobbar for å sikre gode kommunale tenester for innbyggjarane i kommunane gjennom god informasjonssikkerheit og personvern.

Sikkerheitsarbeidet er samarbeid mellom sikkerheitsorganisasjonen Digital sikkerheit (DS), avdeling for Digitalisering og Innovasjon (DI) i Region Nordhordland IKS og IKT Nordhordland (IKTNH). Samarbeidet er forankra gjennom felles drift og IKT tenester i selskapet IKTNH, som er kommunane si driftsstøtte til IKT.

Vi baserer vår internkontroll for informasjonssikkerheit og personvern på den internasjonale standarden ISO27001 - styringssystem for informasjonssikkerheit. Samstundes nyttar vi oss av Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) sine veileidare og grunnprinsippar der dette er føremålstenleg.

## Avvik - Rådmann og stab

Som alle i organisasjonen nyttar Rådmann og stab Netpower til innmelding og oppfølging av avvik. I heile 2022 var det meldt inn 8 avvik mot 13 året før. Desse omhandla manglande registrering i saker, tekniske feil og feil/ forbedringar ved bygget.

## Avvik - Oppvekst, undervisning og kultur

Sektoren brukar det generelle avvikssystemet til kommunen. Det vart meldt inn 101 avvik i 2022 mot 164 i 2021 ein nedgang på 63. Kommunalsjefen vurderer at nedgangen i melde avvik kan skuldast overgang til nytt avvikssystem. Dei fleste avvika kjem innan truande åtferd og/eller vald mot tilsett, psykososiale forhold, sakshandsaming og kategorien anna. Avviksområda er kjente frå tidlegare og sektoren arbeider målretta for å auke kvaliteten på desse områda. Statistikk for avvik skal vere drøftingstema i 3-partsgruppa kvart halvår der ein vurderer om rutinar må endrast eller risikovurdering gjennomførast for å minimere risiko.

Sektoren er redd det er underrapportering av avvik og oppfordrar om å sende avvik. Avvika blir behandla i fagsystemet fortløpande.

## Rutinar og retningslinjer

Kommunen nyttar kvalitetssystem KF-kvalitet på dei generelle rutinane og retningslinjene. Sektor for Oppvekst, undervisning og kultur har i 2022 gjort revidering av sentrale rutinar. Dette arbeidet ser vi for oss må halde fram i 2023.

## Tilsyn - Sektor for Oppvekst, undervisning og kultur

Det vart gjennomført tilsyn frå Statsforvaltaren på barnevernet med tema undersøkingar. I tilsynet vart det avdekkja lovbrøt. Tenesta har i tida etter arbeidd systematisk for å sikra forsvarlege tenester. Det var i tillegg tilsyn for Miljøretta helsevern (MHV) i to barnehagar og to skular.

- Fotlandsvåg og Haus barnehage fekk mindre merknader på bygg som vart utbetra og ingen avvik på internkontrollrutinar. Haus barnehage viste seg å ikkje ha søkt MHV om godkjenning ved ombygging og barnehageeigar har søkt om godkjenning no i etterkant.
- Osterøy ungdomsskule og Haus skule hadde tilsyn. For ungdomsskulen vart det avvik på elevtoaletta på Osterøy ungdomsskule.
- Det har vore tilsyn etter ureiningslova og det å fange gummigranulat på kunstgrasbanene våre. Vi fekk ikkje avvik på dette, men kommunen ser sjølv at vi har uklarheit i eigarskapsforhold til idrettsanlegg og har sett i gang eit arbeid for å rydde i dette.

## Kvalitetssystem

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur starta opp med eit stort arbeid hausten 2021 med å lage eit kvalitetssystem for sektoren. Arbeidet vart nesten fullført hausten 22 og vert lagt fram politisk våren 23. Kvalitetssystemet er ein del av sektoren sitt internkontrollsystem i forhold til kvaliteten i dei ulike tenestene. Kommunalsjefen meiner dette på sikt vil bidra til auka resultat innanfor blant anna språk og lesing.

## Rekruttering og medarbeidarar

### Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen skal vere ein profesjonell, samskapande og utviklingsorientert organisasjon, med dyktige medarbeidarar, kompetente leiarar, god involvering og eit sterkt fokus på medarbeidaren som den viktigaste ressursen for å levere gode tenester. Det er gjennom våre tilsette at organisasjonen når sine mål og utviklar seg i tråd med dei behova som samfunnet treng.

Organisasjonen har dei siste åra vore i ei kontinuerleg omstilling for å ha eit budsjett i balanse. Det har ført med fleire kutt i tenester og omlegging av korleis kommunen leverer sine tenester. Organisasjonen må i åra framover aktivt arbeide med å støtte einingane til ei høveleg organisering og bruk av både dei økonomiske og personalmessige ressursane gjennom kontinuerleg omstilling. Det fører og med at organisasjonen må utarbeide reviderte planer for t.d. arbeidsgjevarpolitikk som må endrast i tråd med

kommunen sine framtidige behov. Førebuing på ei ny generasjon i arbeidslivet må takast i vare i slike planverk. Organisasjonen treng å effektivisere og omstille den kommunale drifta. Me må drive og utvikle kommunen med mindre ressursar enn me gjer i dag, samstundes som me må sikre nok og rett kompetanse på alle nivå. Me skal ha ei tenleg organisering av tenestene, og sikre gjennomføringskraft for naudsynte endringar. Me skal utvikle ein felles kultur og ideologi for arbeidet vårt slik at me står fram som ein kommune og ein organisasjon. I kulturen vår løyser me tverrfaglege oppgåver saman og deler kompetanse på tvers av fagområde.

Organisasjonen manglar fleire relevante og oppdaterte planar som t.d. arbeidsgjevarstrategi, organisasjonsplan og strategisk kompetanseplan. Kommunen sine lønspolitiske retningslinjer og varslingsrutinar blei revidert i 2022. Det blei innført nye rutinar for bruk av heimekontor og fjernarbeid. Vidare skal arbeidsgjevar arbeide vidare med grunnleggjande leiaropplæring, digitalisering og system, tydelege delegeringar og roller mellom leiarnivå i organisasjonen.

### Lønsoppgjeret 2022

I året 2022 var det hovudoppgjer i tariffområdet KS. Partane blei samde om ny hovudtariffavtale med 37 av 40 fagforbund som godtok resultatet. Tre lærarorganisasjonar var i streik. Osterøy kommune vart ikkje påverka av streiken. Streiken vart avslutta ved tvungen lønsnemnd 27. september 2022. Resultatet frå dei streikande fagforbunda blir avgjort i Rikslønsnemnda den 13.02.2023.

Som ein del av pandemien vart det i perioden desember 2021 t.o.m. mars 2022 inngått «koronaavtale» med lokale fagorganisasjonar. Avtalen gav rett til auka satsar for overtidsarbeid i tråd med anbefalingane frå KS. Avtalen vart inngått for å sikre naudsynt bemanning i periodar med vesentleg sjukefråvær. Deler av meirkostnader organisasjonen hadde i samband med avtalen vart refundert frå staten.

Arbeidsgjevar reviderte fleire særavtalar i samarbeid med fagorganisasjonane. Det vart inngått ny prøveordning og avtale om rekrutteringstillegg for sjukepleiarar i 2021 ved einingar som organisasjonen har utfordringar med å rekruttere til. Rekrutteringstillegget vart i 2022 innført som ei fast ordning og dei interne sjukepleiarane fekk utjamning i årslønn gjennom dei lokale forhandlingane.

### Organisasjonsutvikling

#### Leiaropplæring og leiarutvikling:

Arbeidet med organisasjonsutvikling i 2022 har vore gjennomført annleis enn dei siste åra. Koronapandemien gjorde at samlingane blei gjennomført digitalt. Åra før pandemien blei gjennomført gjennom prøveprosjektet «Dialog kafe». Gjennom tilbakemeldingar frå leiarane har leiarsamlingane vore gjennomført på eit meir tradisjonelt vis i 2022.

Alle leiarar med personalansvar har vore invitert til månadlege leiarsamlingar i perioden 30.08 - 21.12. Tema har t.d. vore innovasjonskonferanse, budsjett og økonomiarbeid, kommunedelplanen sin arealdel, datatryggleik, ENØK-tiltak, beredskapsplan, varslingsrutinar, leiaravtaler, arbeidsrett samt lov og avtaleverk.

Organisasjonen gjennomførte samarbeid om leiarutvikling saman med KS konsulent i 2021. Programmet var todelt mellom alle leiarar med personalansvar og rådmannen sitt leiarteam. Utviklingsprogrammet blei avslutta første kvartal 2022.

Sektorane har elles gjennomført eigne organisasjonsutviklingstiltak i samarbeid med andre eksterne leverandørar.

Stabseininga HR testa gjennom året ut eit nytt konsept om HR-temasamlingar. Tema som det blei kursa i var mellom anna rekrutteringsarbeid, ferie, sjukefråvær, fastsetjing av løn og lønsforhandlingar, kvalitetssystem og avvikssystem samt anna lov og avtaleverk. Tiltaket blir overført til 2023 for vidare utprøving.

Det blei gjennomført 5 frukostmøte med NAV arbeidslivssenter om førebyggjande sjukefråværsarbeid.

Det blei gjennomført ein samling for nye leiarar i organisasjonen i september med innslag frå HR tema, økonomi og arkiv. Samlinga blei gjennomført som eit prøveprosjekt og blir vidareført i 2023.

Gjennom innføring av felles vertskommunesamarbeid om felles kontaktsenter blei alle leiarar med personalansvar invitert til 3 samlingar om endringsleiing. Kompetansehevinga blei gjennomført i samarbeid med KS konsulent.

### Rekruttering

Kommunen hadde 147 utlysingar i 2022. Utlysingane delar seg mellom 69 stillingar i sektor Helse, omsorg og sosial, 58 stillingar i sektor Oppvekst, undervisning og kultur, 5 stillingar i sektor for Stabseiningar og 14 utlysingar i sektor for Samfunnsutvikling.

18 av utlysingane gjeld rekruttering til leiarstillingar og 3 av desse gjeld stilling som kommunalsjef; ei utlysing for kommunalsjef for Helse, omsorg og sosial, og stilling som kommunalsjef for Samfunnsutvikling vart lyst ut to gonger. 2 av leiarstillingane er fagleiarstillingar.

Kommunen fekk totalt 702 søknadar delt på dei ulike utlysingsprosjekta. 179 av søknadane var til stillingar som tilkallingsvikar og ferievikar i dei tre ulike sektorane. 14 av prosjekta fekk ingen søkjarar og det er særleg stillingar som sjukepleiar som utmerka seg her. Andre stillingar som det har vore særleg utfordrande å rekruttere til har mellom anna vore stilling som Leiar for teknisk drift, vikarstilling som fastlege og deltidsstilling som logoped. Det har og vore utfordrande å fylle behov for rett kompetanse ved barneverntenesta og ønskja kompetanse i undervisningsstillingar. Vikarstillingar som barnehagelærarar har hatt svært låge søkjartal og ein har måtte tilsetje fagarbeidarar på kompensasjon i mangel på kvalifiserte søkjarar.

Vi ser også ein høg turnover i deltidsstillingar som til dømes helgestillingar i Helse, omsorg og sosial, men og deltidsstillingar med høgare stillingsstorleik.

Organisasjonen arbeider kontinuerleg med utvikling av kompetanse innan rekruttering og nyttar ulike rekrutteringsverktøy. Formell tilsetjing skjer i tilsetjingsutval som sikrar reell medverknad og medbestemming frå arbeidstakarorganisasjonane.



Arbeidsgjevar har i året 2022 arbeidet aktivt med strategisk rekrutteringsarbeid. Det er gjennomført opplæring til eit utval av leiarar i rekrutteringsarbeid i form av kurstilbod som kombinerer dei formelle prosessane og bruk av ulike rekrutteringsverktøy. Nytt digitalt system Refapp blei innført i slutten av 2022. Systemet skal forenkle og standardisere prosessen med å hente inn referansar. Det vil vere relevant og tidssparande for dei einingane som har mange rekrutteringar i løpet av eit arbeidsår t.d. innan einingar i helse og skule. Systemet er nyleg innført og blir vidare utvikla sektorvis i 2023.

HR-avdelinga har sertifisert to HR-konsulentar som rekrutterarar gjennom ordninga DNV-GL for rekrutterarar. Leverandøren av testverktøy innan personlegdom og evnetesting Assessio er vidareført og begge HR-konsulentar er sertifisert i bruk av verktøya. Testverktøya er sertifisert og godkjent for bruk i rekrutteringsarbeid. Kompetansen er sentral i kommunen sitt arbeidet for å rekruttere riktig kompetanse og den riktige personar i vakante stillingar. Sertifiseringa er eit viktig kompetansesertifikat som gir kommunen ei unik kompetanse i rekrutteringsarbeid, som vidare kan det styrke omdømmet til kommunen i arbeidet. Det er leiarane i dei ulike einingane som gjennomfører rekrutteringane. HR-avdelinga medverkar i leiarstillingar og andre sentrale nøkkelstillingar med kompetanse, rettleiing, opplæring og testverktøy.

### HMT-arbeidet i kommunen

Det daglege HTM-arbeidet er delegert til leiarane i tenesteeiningane. Det overordna HMT-arbeidet blir koordinert av HR-avdelinga.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er sett saman av arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantar. AMU er eit overordna utval og skal behandle saker knytt til helse, miljø og tryggleik. AMU har behandla ny handlingsplan for HMT og arbeid knytt til inkluderande arbeidsliv (IA utvalet). AMU har f.t. eitt underutval: IA-utval. Arbeidet med å etablere eit eget AKAN utval (kompetansesenter for å førebygge rus- og avhengigheitsproblematikk) er starta på nytt i 2022. Organisasjonen vurderer alternative organiseringar av arbeidet og er satt saman av ressurspersonar får dei tre sektorane i tillegg til HR-avdelinga. Det er ei målsetting å ha eit strukturert system for oppfølging av AKAN-saker i løpet av 2023. Arbeidet er eit ledd i arbeidet med å følgje opp og førebyggje sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

Det har ikkje vore meldt inn saker gjeldande AKAN i 2022.

IA-utvalet har hatt jamlege møter i 2022. IA-utvalet arbeidet på bestillingar frå AMU om å fylle målsettingane i avtalen om Inkluderande arbeidsliv. IA utvalet har i 2022 utarbeida nye retningslinjer for oppfølging og førebygging av sjukefråvær, oppfølging og tilrettelegging av gravide tilsette i året. Det er vidare utarbeidd nytt årshjul til einingane for styrke og strukturere arbeidet med trepartssamarbeidet i organisasjonen. IA-utvalet har i samarbeid med NAV-arbeidslivssenter gjennomført frukostmøte gjennom året om førebygging og oppfølging av sjukefråvær, samt implementering av dei nye rutine og nye verktøy for nærvær- og oppfølgingsarbeidet.

Kompetansehevingstiltak om førebyggjande nærvær og oppfølging av sjukemeldte tilsette er eit kontinuerleg arbeid som blir vidareført i samarbeid med NAV arbeidslivssenter, som ein del av leirsamlingar og eigne temasamlingar i 2023.

### Sjukefråvær



## Årsmelding 2022

| Sektor                           | 2019  | 2020  | 2021  | 2022  |
|----------------------------------|-------|-------|-------|-------|
| Rådmann og stab                  | 5,05  | 7,39  | 9,00  | 9,12  |
| Oppvekst, undervisning og kultur | 7,21  | 8,41  | 9,24  | 9,96  |
| Helse, omsorg og sosial          | 8,82  | 10,37 | 10,75 | 11,99 |
| Samfunnsutvikling                | 11,39 | 13,18 | 11,08 | 9,75  |
| Totalt                           | 8,02  | 9,57  | 9,99  | 10,77 |

### Kommentar til utviklinga:

Sjukefråværet i organisasjonen har auka frå 9,99% i 2021 til 10,77% i 2022. Det er det høgaste sidan kommunen starta med fråværsstatistikk i 2012. Utviklinga i tal sjukemelde er uroande. I perioden 2015-2018 rapporterte einingane på fråværet. Leiarane rapporterer på fråværet kvart kvartal. Tal og tiltak blir drøfta med arbeidstakarorganisasjonane i IA-utvalet (inkluderande arbeidsliv) og arbeidsmiljøutval (AMU). Det har vore gjennomført fleire tiltak i 2022 med utarbeiding av nye rutinar, kompetanseheving og opplæring for leiarane i samarbeid med NAV arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta.

Alle sektorane med unntak av samfunnsutvikling har hatt ein auke i sjukefråvær. Auken har vore størst i sektor Helse, omsorg og sosial. Sjukefråværet i sektor Samfunnsutvikling har gått ned frå 11,08% i 2021 til 9,75% i 2022. Sektoren har derimot få tilsette i forhold til Helse, omsorg og sosial og har dermed låg innverknad på totalen for organisasjonen.

I 2022 er om lag 0,8% av fråvær i samband med korona. Dette er ein dobling av tal for 2021. Auken kan skyldast at tilsette har blitt betre til å rapportere fråvær som er koronarelatert. Samtidig vil ein auke i koronarelatertfråvær vere forklarande på auken i sjukefråværet i 2022.

Fråværet i 1. kvartal 2022 var på 13,36%. Dette er det høgaste fråværet i eit kvartal sidan kommunen starta med fråværsstatistikk. Fråværet er ein auke frå 10,13% i 1. kvartal 2021. Både 3. og 4. kvartal 2022 hadde gått ned i fråværsprosent i forhold til 3. og 4. kvartal 2021. Endringa er frå 8,94% til 8,25% i 3. kvartal og frå 12,13% til 11,44% i 4. kvartal.

Bruken av eigenmelding har auka betrakteleg frå 1571 tilfelle i 2021 til 1936 tilfelle i 2022. Dette er ein auke på nesten 25%. Auken av fråvær i kalenderdagar på grunn av eigenmeldingar har auka frå 2955 i 2021 til 3973 i 2022. Auken i eigenmeldingar er ei positiv utvikling framfor at den tilsette nyttar sjukemelding frå lege.

AMU og IA-utvalet arbeider systematisk med fråvær. Det er innført forenkla retningslinjer for oppfølging av sjukemelde, støttesamtalar med Bedriftshelsetenesta i førebyggingsarbeidet og er tema i leiarutviklingsprogram. Kommunen arbeider systematisk med leiarutvikling, leiarverktøy og å bygge relasjonell kompetanse for å førebyggje og redusere fråværet.

### Bedriftshelseteneste

Salutis HMS leverer tenester om bedriftshelsetenester til Osterøy kommune.

Bedriftshelsetenesta har i 2022 vore aktivt nytta til oppfølging av krevjande sjukefråværssaker gjennom ordninga ekspertbistand. Framleis har organisasjonen eit potensiale til å nytte eksterne aktørar i slike saker gjennom ordninga ekspertbistand. Årsrapporten viser eit auka behov kring tenester som oppfølging av sjukefråvær, ergonomiske vurderingar og psykologbistand.

Kommunen har nytta en del økonomiske midlar til å kjøpe kurs og kompetanseheving gjennom BHT. I utgangspunktet skulle slike tiltak bli dekkja gjennom sektorane eller einingane sine egne budsjett. Salutis HMS tilrår at satsinga på kurs og systematisk HMT arbeid blir vidareført i 2023. Dersom organisasjonen skal ha eit slikt fokus må kjøp av kurstilbod organiserast på ei meir strukturert måte slik at det kjem alle sektorane til gode. Vidare må ein sikre at organisasjonen ikkje gjennomfører doble tilbod både ved kjøp av kurstilbod og interne ressursar som arbeider med det same. AMU bør vurdere om ein skal innføre eit felles kurstilbod for tenester som har problemstillingar knytt til vald og truslar og korleis eit slikt tilbod heng saman med utdanning av MAP instruktørar.

Ein del av budsjettet har vore knytt til lovpålagte tenester som helseundersøking, samt deltaking på møter i årlege samarbeidsmøte, AMU og IA (systematisk HMT arbeid)

Sektorane utarbeider egne handlingsplanar med prioriterte samarbeidsområde saman med Bedriftshelsetenesta. Tiltaka blir prioritert i kommunen sitt Arbeidsmiljøutval (AMU). Kommunen har fått levert tenester for 422 timar hos Bedriftshelsetenesta, innanfor område som t.d. deltaking i ulike møte og utval, oppfølging av sjukefråvær og ekspertbistand i samråd med NAV, bistand i form av samtalar og kurs, HMT-opplæring av leiarar og verneombod og yrkeshygieniske målingar, psykologbistand og kompetansehevide tiltak.

Bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter vil bidra kommunen ytterlegare i 2023 i arbeidet med førebyggjande arbeid med oppfølging av sjukefråvær og bistand i saker om sjukefråvær i einingane gjennom ekspertbistand.

Kommunen sine utgifter til kjøp av tenester frå BHT er om lag som budsjettet.

### Kvalitetssystem

Kommunen innførte nytt kvalitetssystem i 2021 «Netpower» som erstattar det tidlegare kvalitetssystemet levert av Kommuneforlaget. Systemet blei innført og testa ut i einingane i perioden oktober til november 2021.

Organisasjonen har arbeidet vidare med å utvikle kvalitetssystemet Netpower. Einingane har implementert og revidert fleire rutinar og det nye avvikssystemet mottek avvik delt mellom sektorane. Det er framleis nokre utfordringar med å få meldt inn avvik digitalt dersom den tilsette ikkje har direkte tilgang til elektronisk kommunikasjon t.d. pc eller mobil. Utviklinga i systemet er positivt og arbeidet med vidareutvikling blir vidareført i 2023.

### Medarbeidarundersøking

Kommunen nyttar KS 10-faktor si medarbeidarundersøking. Undersøkinga blir gjennomført kvart tredje år og blei sist gjennomført hausten 2021. Neste gjennomføring av undersøkinga skjer i 2024.

## Årsmelding 2022

KS 10-faktor sin medarbeidarundersøking består av 10 ulike faktorar som blir målt. Faktorane er utvikla og basert på forskning. Kommunen har arbeidd med satsingsområde som var felles for organisasjonen 1) Meistringsorientert leiing og 2) Rolleklårleik. Kommunen skårar betre på begge faktorar i 2021 enn me gjorde i 2018 og betre på totalt 4 av 10 faktorar.

Oppfølging av KS-10 faktor medarbeidarundersøking var ein del av leiarutviklingsprogrammet i 2021 med bistand frå KS-konsulent. Einingane har i 2022 arbeidet vidare med 10 faktor i einingane.

| Faktor    | Navn                         | OK 2021 | Norge | Beskrivelse                                                                                                                                                                                                                                                 |
|-----------|------------------------------|---------|-------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Faktor 1  | Indre motivasjon             | 4,1     | 4,2   | Motivasjonen for oppgavene i seg selv, det vil si om oppgavene oppleves som en drivkraft og som spennende og stimulerende. (Også kalt indre jobbmotivasjon)                                                                                                 |
| Faktor 2  | Mestringstro                 | 4,2     | 4,3   | Mestringstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og mulighet til å mestre utfordringer i jobbsammenheng.                                                                                                                      |
| Faktor 3  | Autonomi                     | 4,1     | 4,2   | Medarbeiderens opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne vurderinger i jobben sin, basert på egen kompetanse, og innen en definert jobbrokke.                                                                                       |
| Faktor 4  | Bruk av kompetanse           | 4,0     | 4,2   | Medarbeiderens opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb.                                                                                                                                                  |
| Faktor 5  | Mestringsorientert ledelse   | 3,8     | 3,9   | Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.                                                                        |
| Faktor 6  | Rolleklarhet                 | 4,0     | 4,3   | Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert.                                                                                                                                    |
| Faktor 7  | Relevant kompetanseutvikling | 3,4     | 3,6   | Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeiderne til enhver tid er best mulig rustet til å utføre sine oppgaver med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjenester som leveres, uansett hvilken type tjenester vi snakker om. |
| Faktor 8  | Fleksibilitetsvilje          | 4,3     | 4,4   | Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.                                                                                                                                                |
| Faktor 9  | Mestringsklima               | 4,0     | 4,1   | I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre gode, fremfor å rivalisere om å bli best.                                                                                                                             |
| Faktor 10 | Prososial motivasjon         | 4,6     | 4,7   | Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er en viktig drivkraft for mange og har en rekke godt dokumenterte, positive effekter.                                                                           |

## Likestilling

### Tabell kjønnsbalanse og løn pr tenesteområde

| Likestilling      |      | Kjønnsbalanse |         |          | Gjennomsnitt årslønn i full stilling (i 1000 kr) |          |
|-------------------|------|---------------|---------|----------|--------------------------------------------------|----------|
| Sektor            | År   | M             | K       | Tilsette | M (kr/%)                                         | K (kr/%) |
| Totalt i kommunen | 2018 | 19,04 %       | 80,86 % | 793      | 491/100                                          | 447/91   |
|                   | 2019 | 19,75 %       | 80,25 % | 790      | 510/100                                          | 467/92   |
|                   | 2020 | 18,40 %       | 81,60 % | 810      | 520/100                                          | 484/93   |
|                   | 2021 | 18,55 %       | 81,45 % | 785      | 530/100                                          | 489/92   |

# Årsmelding 2022

|                                                 |             |                |                |            |                |                |
|-------------------------------------------------|-------------|----------------|----------------|------------|----------------|----------------|
|                                                 | <b>2022</b> | <b>18,22 %</b> | <b>81,78 %</b> | <b>796</b> | <b>549/100</b> | <b>503/92</b>  |
| <b>Helse, Omsorg og Sosial</b>                  | 2018        | 9,06 %         | 90,94 %        | 342        | 475/100        | 424/89         |
|                                                 | 2019        | 10,62 %        | 89,38 %        | 339        | 484/100        | 444/92         |
|                                                 | 2020        | 12,01 %        | 87,99 %        | 383        | 477/100        | 466/98         |
|                                                 | 2021        | 11,80 %        | 88,20 %        | 368        | 517/100        | 463/90         |
|                                                 | <b>2022</b> | <b>10,57 %</b> | <b>89,43 %</b> | <b>369</b> | <b>544/100</b> | <b>479/88</b>  |
| <b>Samfunns-<br/>utvikling</b>                  | 2018        | 61,54 %        | 38,46 %        | 78         | 449/100        | 434/97         |
|                                                 | 2019        | 47,69 %        | 57,69 %        | 78         | 462/100        | 461/100        |
|                                                 | 2020        | 56,63 %        | 43,37 %        | 83         | 503/100        | 466/93         |
|                                                 | 2021        | 61,84 %        | 38,16 %        | 80         | 487/100        | 485/99         |
|                                                 | <b>2022</b> | <b>69,86 %</b> | <b>30,14 %</b> | <b>73</b>  | <b>536/100</b> | <b>534/100</b> |
| <b>Oppvekst,<br/>Undervisning og<br/>Kultur</b> | 2018        | 13,18 %        | 86,82 %        | 311        | 512/100        | 471/91         |
|                                                 | 2019        | 14,29 %        | 85,71 %        | 315        | 520/100        | 490/94         |
|                                                 | 2020        | 15,74 %        | 84,26 %        | 324        | 531/100        | 499/94         |
|                                                 | 2021        | 15,64 %        | 84,36 %        | 306        | 548/100        | 514/94         |
|                                                 | <b>2022</b> | <b>14,89 %</b> | <b>85,11 %</b> | <b>329</b> | <b>539/100</b> | <b>534/99</b>  |
| <b>Stab og<br/>Administrasjon</b>               | 2018        | 46,38 %        | 53,62 %        | 69         | 554/100        | 512/92         |
|                                                 | 2019        | 50,00 %        | 50,00 %        | 62         | 610/100        | 498/82         |
|                                                 | 2020        | 25,71 %        | 74,29 %        | 35         | 677/100        | 546/81         |
|                                                 | 2021        | 29,17 %        | 70,83 %        | 31         | 688/100        | 566/82         |
|                                                 | <b>2022</b> | <b>23,08 %</b> | <b>76,92 %</b> | <b>26</b>  | <b>740/100</b> | <b>602/81</b>  |

Tabellen viser gjennomsnittleg årsløn per kjønn per tenesteområde. Organisasjonen har eit stort fleirtal av kvinner med 651 kvinner totalt som har ein stillingsprosent. Av menn er det 145 i organisasjonen. Kjønnsbalansen er omtrent lik i dei ulike sektorane med unntak av sektor for samfunnsutvikling som har eit fleirtal av menn. Kjønnsbalansen har blitt forverra i alle sektorar i 2022 i forhold til 2021, med størst prosentvis endring i sektor samfunnsutvikling.

Kolonnane for gjennomsnittleg årsløn i full stilling viser at kvinner har ei gjennomsnittleg årsløn på kr. 503 000,-, som er 92% av den gjennomsnittlege årsløna til menn. Denne forskjellen er omtrentleg lik i sektor for helse, omsorg og sosial. Forskjellen kjem av at det er store forskjellar i kjønnsbalansen i dei ulike stillingsgruppene i helse, omsorg og sosial. I sektor for helse, omsorg og sosial er 219 av 330 (66%) av kvinnene i ei stilling som tilhøyrar lønsramme for ufaglærd eller fagarbeidar, i motsetning til 44% av mennene. I tillegg har sektoren 6% av kvinnene i leiar- eller legestilling, medan hos mennene er dette 19%. Forskjellane i kjønnsbalansen i stillingsgrupper innanfor sektoren fører til at det blir forskjellar i gjennomsnittsløna, ettersom ein stor del av menn ligg i ein høgare lønsramme.

I sektor for oppvekst, undervisning og kultur har kjønnsbalansen i gjennomsnittsløn forbetra seg i stor grad. Dette kjem av at det blitt ein betre utjamning i dei ulike lønsrammene. I sektoren er 81 av 280 (29%) av kvinnene i ei stilling som tilhøyrar lønsramme for ufaglærd eller fagarbeidar, i motsetning til 26% av menn. I sektoren er 12% av kvinnene i ei leiarstilling eller stilling med personleg løn, mens hos mennene er det 14%. Dette fører til at gjennomsnittsløna for menn og kvinner i sektor oppvekst, utvikling og kultur er svært lik.

## Årsmelding 2022

For sektor stab og administrasjon har tal tilsette gått ned i forhold til 2021 som fører til at enkelte drar gjennomsnittleg årsløn opp i ein høg grad, spesielt hos menn. I stab og administrasjon er 1 av 20 kvinner i ein toppleiarstilling, i motsetning til 3 av 6 menn. Dette fører til at gjennomsnittsløna for menn vert svært høg.

Sektor for samfunnsutvikling har kjønnsbalanse for gjennomsnittsløn. Dette kjem av at del menn og kvinner som er i fagarbeidar og leiar stillingar er svært lik.

Tabell kjønnsbalanse og løn per stilling og lønsgruppe

| Likestilling                     |             | Kjønnsbalanse  |                |            | Gjennomsnitt årsløn i full stilling (i 1000 kr) |                |
|----------------------------------|-------------|----------------|----------------|------------|-------------------------------------------------|----------------|
| Grupper                          | År          | M              | K              | Tilsette   | M (kr/%)                                        | K (kr/%)       |
| Ufaglærte                        | 2018        | 10,17 %        | 89,83 %        | 177        | 346/98                                          | 352/100        |
|                                  | 2019        | 9,49 %         | 90,51 %        | 158        | 350/95                                          | 367/100        |
|                                  | 2020        | 11,83 %        | 88,17 %        | 169        | 344/89                                          | 385/100        |
|                                  | 2021        | 8,21 %         | 91,79 %        | 134        | 353/92                                          | 385/100        |
|                                  | <b>2022</b> | <b>8,63 %</b>  | <b>91,37 %</b> | <b>139</b> | <b>367/94</b>                                   | <b>391/100</b> |
| Faglærte                         | 2018        | 17,36 %        | 82,64 %        | 265        | 416/100                                         | 409/98         |
|                                  | 2019        | 22,35 %        | 77,65 %        | 264        | 426/100                                         | 423/99         |
|                                  | 2020        | 18,33 %        | 81,67 %        | 251        | 422/99                                          | 427/100        |
|                                  | 2021        | 18,78 %        | 81,22 %        | 245        | 440/99                                          | 443/100        |
|                                  | <b>2022</b> | <b>19,92 %</b> | <b>80,08 %</b> | <b>246</b> | <b>461/100</b>                                  | <b>459/99</b>  |
| Høgare utdanning 3 - 4 år        | 2018        | 11,11 %        | 88,89 %        | 234        | 476/100                                         | 469/98         |
|                                  | 2019        | 12,77 %        | 87,23 %        | 235        | 496/99                                          | 500/100        |
|                                  | 2020        | 15,29 %        | 84,71 %        | 242        | 499/100                                         | 498/100        |
|                                  | 2021        | 15,79 %        | 84,20 %        | 228        | 522/100                                         | 521/100        |
|                                  | <b>2022</b> | <b>11,93 %</b> | <b>88,07 %</b> | <b>243</b> | <b>545/100</b>                                  | <b>532/98</b>  |
| Høgare utdanning 5 år eller meir | 2018        | 27,42 %        | 72,58 %        | 62         | 567/100                                         | 550/97         |
|                                  | 2019        | 21,31 %        | 78,69 %        | 61         | 585/100                                         | 570/97         |
|                                  | 2020        | 25,00 %        | 75,00 %        | 52         | 570/100                                         | 571/100        |
|                                  | 2021        | 22,40 %        | 77,55 %        | 49         | 583/99                                          | 586/100        |
|                                  | <b>2022</b> | <b>27,12 %</b> | <b>72,88 %</b> | <b>59</b>  | <b>577/98</b>                                   | <b>591/100</b> |
| Rådgjevarar                      | 2018        | 47,06 %        | 52,94 %        | 34         | 594/100                                         | 590/99         |
|                                  | 2019        | 50,00 %        | 50,00 %        | 30         | 636/100                                         | 598/94         |
|                                  | 2020        | 43,75 %        | 56,25 %        | 16         | 609/100                                         | 573/94         |
|                                  | 2021        | 50,00 %        | 50,00 %        | 12         | 638/100                                         | 589/92         |
|                                  | <b>2022</b> | <b>47,37 %</b> | <b>52,63 %</b> | <b>19</b>  | <b>682/100</b>                                  | <b>651/95</b>  |
| Avdelingsleiarar                 | 2018        | 23,53 %        | 76,47 %        | 17         | 589/100                                         | 584/99         |
|                                  | 2019        | 31,82 %        | 68,18 %        | 22         | 545/89                                          | 608/100        |
|                                  | 2020        | 20,00 %        | 80,00 %        | 25         | 652/100                                         | 631/97         |

## Årsmelding 2022

|                |             |                |                |           |                |                |
|----------------|-------------|----------------|----------------|-----------|----------------|----------------|
|                | 2021        | 23,33 %        | 76,67 %        | 30        | 652/98         | 663/100        |
|                | <b>2022</b> | <b>19,35 %</b> | <b>80,65 %</b> | <b>31</b> | <b>687/99</b>  | <b>691/100</b> |
| Einingsleiarar | 2018        | 32,00 %        | 68,00 %        | 25        | 714/100        | 638/89         |
|                | 2019        | 34,62 %        | 65,38 %        | 26        | 731/100        | 658/90         |
|                | 2020        | 23,53 %        | 76,47 %        | 17        | 780/100        | 706/91         |
|                | 2021        | 16,67 %        | 83,33 %        | 12        | 715/99         | 719/100        |
|                | <b>2022</b> | <b>20,00 %</b> | <b>80,00 %</b> | <b>10</b> | <b>750/100</b> | <b>750/100</b> |

Tabell viser gjennomsnittleg årsløn per kjønn i ulike stillingsgrupper og stillingskodar, og kjønnsbalansen. I alle stillingsgrupper er det eit stort fleirtal av kvinnelege tilsette. Dette gjeld også dei fleste stillingskodane, med unntak av stillingskode for rådgjevarar der balansen er svært lik.

Gjennomsnittleg årsløn per kjønn i dei ulike stillingsgruppene og stillingskodane er svært lik i dei fleste tilfelle. Dette kjem av at arbeidsgjevar følgjer lønssstigen etter HTA for stillingar i kap. 4. Forskjellen mellom kvinner og menn som ligg i lønsramma for ufaglærte, kjem av at ein liten del av menn som har full ansiennitet i denne lønsramma, i motsetning til kvinner der over halvparten har full ansiennitet. Dette fører til at gjennomsnittsløna for kvinner i denne lønsramma er ein del høgare enn for menn. Samtidig vert denne differansen mindre ettersom fleire menn får full ansiennitet.

Forskjellen i gjennomsnittsløn mellom kvinner og menn i rådgjevarstillingskoden har minka frå 2021 til 2022. Det er få tilsette i denne stillingskoden og enkelte personar drar gjennomsnittet opp i ein stor grad. Tal rådgjevarstillingar har auka sidan 2021 og dette har ført til ein større utjamning i stillingsgruppa. I tillegg så har kommunen i løpet av dei lokale forhandlingane 2022 klart å utjamne lønsnivået på stillingane i stor grad for rådgjevar- og leiarstillingar. Dette har ført til at kjønnsbalansen for gjennomsnittsløn er svært eller nærmast lik for leiarstillingar.

Tabell kjønnsbalanse stillingsstørrelse

| Fulltid & Deltid | 2020        |          |        | 2021        |          |        | 2022        |          |        |
|------------------|-------------|----------|--------|-------------|----------|--------|-------------|----------|--------|
|                  | Kvinner (%) | Menn (%) | Totalt | Kvinner (%) | Menn (%) | Totalt | Kvinner (%) | Menn (%) | Totalt |
| <b>0,1-24,9%</b> | 11,36       | 26,45    | 116    | 10,80       | 30,14    | 113    | 9,37        | 26,21    | 99     |
| <b>25-49,9%</b>  | 5,00        | 5,81     | 42     | 9,70        | 3,42     | 67     | 6,45        | 7,56     | 53     |
| <b>50-74,9%</b>  | 13,48       | 7,74     | 101    | 12,52       | 4,79     | 87     | 13,06       | 4,83     | 92     |
| <b>75-99,9%</b>  | 19,39       | 5,16     | 136    | 17,53       | 6,85     | 122    | 18,74       | 4,14     | 128    |
| <b>100%</b>      | 50,76       | 54,84    | 420    | 49,45       | 54,79    | 396    | 52,38       | 57,24    | 424    |
| <b>Antall</b>    | 660         | 155      | 815    | 639         | 146      | 785    | 651         | 145      | 796    |

Tabell viser balansen mellom menn og kvinner i ulike stillingsprosentnivå i organisasjonen. Tabellen viser at 52,38% av kvinner og 57,24% av menn er i fulltidsstilling. Dette er ein auke for begge kjønn frå 2021 der tala var på 49,45% og 54,79%. Totalt har kommunen auka tal tilsette i fulltidsstilling med 28 stillingar. Samtidig har tal tilsette med ein stillingsprosent i organisasjonen blitt auka med 11. Tabellen

viser også at del av menn i 25% - 49,9% stilling har nesten doblet seg frå 2021 til 2022 mens for kvinner har det vore ein reduksjon frå 9,70% til 6,45% av tilsette som har 25 – 49,9% stilling.

### Tiltak for å fremja likestilling

Kommunen vedtok revidert lønspolitisk plan i 2022. Den lokale lønspolitikken skal fremje og ta i vare likestilling mellom kjønna. I revidert lønspolitisk plan er arbeidet gjort meir tydeleg for korleis å fremja likestilling ved å spesifisere to nye punkt, 2.1.2 Likeløn ved lønsfastsetjing og 6.8 Likeløn i lokale forhandlingar.

Den lokale lønspolitikken er utforma slik at kvinner og menn blir likebehandla i vurdering av løn. Med likeløn meiner ein at kriteria for fastsetjing av løn skal vere kjønnsnøytrale og at kvinner og menn blir vurdert på ein likeverdig måte etter dei same kriteria. Ved lokale forhandlingar skal partane drøfte likeløn og vere opptekne av konsekvensane som tiltak og prioriteringar får, for løna til både kvinner og menn. Lønsskilnad mellom kjønnsom konsekvens av dei lokale forhandlingane, og som har si årsak i kjønns, skal ikkje førekoma. Arbeidsgjevar skal i etterkant av lønnsoppgjeret kontrollere at det ikkje er skeivfordeling i lønssoppgjeret mellom kjønna.

### Samarbeid og prosjekt med andre kommunar

Osterøy kommune deltek i interkommunalt samarbeid med andre nordhordlandskommunar og har fleire prosjekt innan ulike område.

### IKT Nordhordland

IKTNH er vår tenesteleverandør innan IKT. Tenestene dei leverer omfattar mellom anna rådgjeving, planlegging, innkjøp og tilrettelegging av programvare- og maskinvareløysingar, skanne-, kopi- og utskriftsløysingar, telefoniløysingar, samt nettverks- og servarløysingar.

<https://iktnh.no/>

### Digitalisering og innovasjon

Avdelinga digitalisering og innovasjon (DI) i Region Nordhordland IKS har ansvar for prosjektgjennomføring av digitaliserings- og innovasjonsprosjekt for 11 kommunar tilknytta IKT samarbeidet gjennom IKT Nordhordland (IKTNH)

<https://regionnordhordland.no/artikkel/Digitalisering-og-innovasjon>



## Kontaktsenter

Osterøy gjekk i april inn i eit kontaktsentersamarbeid saman med Gulen og Samnanger om ei felles sentralbordløyning. Dette har vore ein suksess, og vi har fått heva servicegraden vår og dermed meir fornøgde kunder og innbyggjarar.

<https://www.kommunal-rapport.no/digitalisering/gjor-suksess-med-felles-innbyggjerservice/149290/>

## Digitaliseringsprosjekt

I regi av DI og IKTNH har me ei rekkje store og små digitaliseringsprosjekt gjennom året, der nokre av desse er:

- Anskaffing av frittståande arkivkjerne.
- Anskaffing av nytt elektronisk postjournalssystem i helsesektoren, med innføring i 2023.
- Anskaffing og innføring av nytt fagssystem for skule.
- Anskaffing av Kommune Kari til hjelp for besøkande på nettsiden våre.
- Standardisering i bruk av KS Fiks folkeregister.

## Andre samarbeidsområde:

- Innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og andre Nordhordlandskommunar. Her får kommunane som er medlem i innkjøpssamarbeidet tilbod om å vere med på dei ulike tilbuds konkurransane som innkjøpsavdelinga i Bergen forhandlar fram. Desse avtalane sikrar ulike omsyn mellom anna knytt til transport, etiske forhold i produksjon og levering av varer, ulike krav knytt til miljø og berekraft, osb.
- Straumavtale. Dette er ein avtale med 3 andre nabokommunar om innkjøp av straum gjennom tilbuds konkurranser.
- Barnevernstenesta. Samarbeid med Vaksdal kommune og Modalen kommune om levering av barnevernstenestar.
- Regionråd med tenester innan økonomi, arkiv, personal, kontrollutvalgssekreteriat og legevakt.

## Samfunnsansvar

Merksemd knytt til samfunnsansvar har auka dei siste åra. Kommunar har ei viktig rolle og må vere medviten om sitt samfunnsansvar. Samfunnsansvar handlar mellom anna å ta sosiale og miljømessige omsyn utover det som er pålagt ved lov.

Nytt i årsmeldinga er kapittelet om nettopp samfunnsansvar. Osterøy kommune som den største arbeidsgivaren i kommunen og Osterøy kommune som arealforvaltar har mange omsyn som skal vurderast kvar dag.

## Klima og miljø

Våren 2022 starta prosessen med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Arealdelen er eit styringsdokument for kommunen sin langsiktige arealbruk. Dei nasjonale forventningane seier at kommunane må leggje vekt på samspelet mellom klimamål, arealbruk, naturmangfald og klimatilpassing i sine planar. Den vedtekne arealstrategien i Osterøy kommune vert lagt til grunn i arbeidet med arealdelen, og legg mellom anna vekt på at berekraftsomsyn skal leggest til grunn for all arealbruk i kommunen. Arealstrategien kan du lese meir om i Kommuneplanen sin samfunnsdel som ligg på kommunen sin heimeside.

Osterøy kommune er med i fleire FOU-prosjekt (forskning og utvikling) retta mot klimatilpassing. I prosjektet «Medverknadsmetoder for klimatilpassing» var det i 2022 fleire møter med innbyggjarane for korleis dei som innbyggjarar kan medverke til betre kunnskap om klimaendringar og kommunen delte ut fleire verstaasjonar og regnmålarar til innbyggjarar som ønska å bidra til prosjektet. Prosjektet «Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunen» med fokus på å rettar fokuset på kommunalt energiforbruk og miljøutslepp.

Osterøy kommune heldt på med å Miljøfyrtårnsertifisere alle sine bygg og einingar. Rådhuset og Familie- og omsorgssenteret er allereie sertifisert. I arbeidet med miljøfyrtårn jobbar vi for å redusere avfallsmengda og auke kjeldesorteringsgraden, vi jobbar med innkjøp, arbeidsmiljø og har eit fokus på reisevaner vi gjer i arbeidstida. Ved å kartlegge korleis vi driv i dag, kan vi setje inn tiltak for å nå dei måla som vi set oss. Fleire og fleire private verksemdar i kommunen er sertifisert og ordføraren har gledeleg vore med på utdeling av diplom til nokre av desse. Osterøy kommune oppmodar og heiar fleire fram til å ta eit samfunnsansvar ved å sertifisere seg etter ei godkjent sertifiseringsordning.

Etter periodar med høge straumprisar jobbar vi med å finne gode ENØK-tiltak som gjer at vi kan redusere straumkostnadane våre, og samstundes ha ein positiv effekt på miljøet. Tiltaka kan vere retta mot vedlikehald og oppgradering av bygningane våre, installere fjernvarme og haldningsskapande tiltak.

## Innkjøp

Osterøy kommune er med i eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og andre nabokommunar. Her vert det forhandla frem avtalar som stiller ulike krav til leverandørane. Slike krav kan vere krav til etisk produksjon, krav til miljøledelse (t.d. sertifisert Miljøfyrtårn, ISO 14001), krav til transport, krav til miljømerking, avfallshandtering osv.

Osterøy kommune er gjennom innkjøpssamarbeidet med i prosjektet «Kapasitetsbygging for sirkulære løft i anskaffelser». Det er gjeve midlar frå Miljødirektoratet og Bergen kommune har oppretta ei 2-årig prosjektstilling som skal styre prosjektet framover. Å unngå innkjøp som ikkje er naudsynt er eit viktig tiltak for å redusere klimagassutslepp og ved å stille gode krav til mellom anna kvalitet og levetid kan kommunane klimautsleppet sitt. Prosjektet prioriterer to innkjøpa av IKT-utstyr og bygg og anlegg.

## Arbeidstakarrettigheiter og sosiale forhold

Osterøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk gjev føringar innan HMS, rekruttering, leiarutvikling, mangfald og kompetanseutvikling med meir. Kommunen sine lønspolitiske retningslinjer og varslingsrutinar vart revidert i 2022, og det vart innført mellom anna nye rutinar for bruk av heimekontor og fjernarbeid.

Lønspolitikken skal fremje og ivareta likestilling mellom kjønna. Den lokale lønspolitikken er utforma slik at kvinner og menn blir behandla likt i vurdering av løn. Med likeløn meiner ein at kriteria for fastsetjing av løn skal vere kjønnsnøytrale og at kvinner og menn blir vurdert på ein likeverdig måte etter dei same kriteria. Ved lokale forhandlingar skal partane drøfte likeløn og vere opptekne av konsekvensane som tiltak og prioriteringar får, for løna til både kvinner og menn. Lønsskilnad som har si årsak i kjønn, skal ikkje førekome. Arbeidsgjevar skal i etterkant av lønnsoppgjeret kontrollere at det ikkje er skeivfordeling i lønssoppgjeret mellom kjønna.

Sjukefråværet var i 2021 på det høgaste sidan målingane starta i 2012, og arbeidet med å kartlegge årsakene til dette vart vidareført i 2022. Korleis kommunen arbeider med sjukefråvær kan du lese meir om i kapittel om Rekruttering og medarbeiarar.

## Motverke korrupsjon

I 2022 reviderte Osterøy kommune sin risiko- og sårbaranalyse. Ei av hendingane som vart analysert var «Skulding om korrupsjon». Det har vore tilfelle av korrupsjon i kommunen. Generelt kan små tilhøve og samfunn gje nære relasjonar mellom innbyggjarar, folkevalde og tilsette i administrasjonen som kan auke sannsynet for korrupsjon. Dersom det er manglande rutinar eller oppfølging av rutinar kan sannsynet for korrupsjon auke. I arbeidet med ROS-analysen vart det vurdert at dei rutinane som finst i dag gjev akseptabelt nivå for å redusere sannsynet for korrupsjon. Nokre av desse er politkaropplæring, direktesending av politiske møter, reglement for utvala, fortløpande rapportering på store investeringsprosjekt, sidemannskontroll og godkjenning av leiarar, innsyn i saker, innkjøpsavtalar, med meir.

Sjølv om det er fleire eksisterande tiltak som skal redusere sannsynet for at korrupsjon skjer kan dei økonomiske konsekvensane vere katastrofale grunna kommunen sin sårbare økonomi. Kommunen kan verte erstatningsansvarleg, få høge advokatutgifter, tap ved pengeoverføringar med meir. På samfunnsnivå kan politisk korrupsjon føre til at personar kan miste jobb, verksemder gå konkurs og omdømmetap for næringsdrivande.

Det er antatt store mørketal generelt om korrupsjon og difor høg usikkerheit for omfanget også på Osterøy. Samstundes har vi moglegheit til å styre risikoen ved å ha jamleg fokus på rutinar, opplæring, kvalitetssikring og etiske regelverk.

Du kan lese meir om analysen og ROS-analysen i sin heilskap på Osterøy kommune sin heimeside: <https://www.osteroy.kommune.no/samfunnstryggleik/heilskapleg-risiko-og-sarbaranalyse/>

## Økonomien i 2022

### Innleiing

Premissane for bruk av midlar i året går fram av Heradsstyret sine budsjettvedtak. Premissane tolkar vi som føremålet med bruken av midlane. Dette gjeld både rammer for driftsbudsjettet og rammer for investeringar. Det er rådmann sitt ansvar å syte for at løyvingane vert nytta i tråd med budsjettvedtaket.

Avvik frå premissane når det gjeld investeringsbudsjettet skuldast i hovudsak at ein del planlagde prosjekt ikkje kom i gang grunna manglande kapasitet. Dette gjeld både ordinære investeringar og sjølvkost.

## Økonomi 2022

Osterøy kommune budsjetterte med eit 0 resultat for 2022 og det var ei krevjande prosess å saldere budsjettet for 2022. Som åra før måtte kommunen gjere fleire kutt i dei ulike sektorane og det var difor eit knapt budsjett som ble vedteke.

KS og kommunane så på slutten av 2021 at var naudsynt med ein tidsbestemt avtale om avlønning i samband med korona-pandemien. Fråværet grunna korona ble som venta høgt dei fire første månadene og avtalen som var inngått var viktig for å sikre naudsynt bemanning i dei ulike sektorane, spesielt i Helsesektoren. Dette fråværet kosta nærare 14 mill kr. i 2022. I tillegg kom andre utgifter til korona og til saman hadde vi om lag 16 mill i korona-utgifter i 2022. Det var lenge usikkert om vi fekk kompensasjon for desse utgiftene. Dette var og grunnen til at vi frykta eit underskot på drifta for 2022. Først seint på hausten fekk kommunane vite at me fekk delar av utgiftene dekkja og i desember blei det avgjort at me fekk dekkja ca. 90% av våre utgifter knytt til korona. Midlane til korona er fordelt på dei ulike sektorane etter kva utgifter dei har hatt. Dette gjer at det blir enklare å samanlikne opp mot opprinneleg budsjett.

Det så og lenge ut som at midlar frå Havbruksfondet skulle bli vesentleg lågare enn budsjett. Ekstra bevilgning til kommunane gjorde at me fekk ca. kr. 393 000 meir enn budsjettert. Høge skatteinntekter på slutten av året har gjort at overskotet til slutt blei ca. 12,2 mill kroner.

### Kommentarar:

#### Resultat

**Brutto driftsresultat** er resultatet frå den ordinære drifta med utgifter og inntekter, men ein tek ikkje omsyn til finanspostane.

**Netto driftsresultat** er resultatet frå drifta etter at ein òg har teke omsyn til finanspostane (renteutgift, renteinntekt/avkastning og avdragsutgift).

#### Resultat

**Brutto driftsresultat** er resultatet frå den ordinære drifta med utgifter og inntekter, men ein tek ikkje omsyn til finanspostane.

**Netto driftsresultat** er resultatet frå drifta etter at ein òg har teke omsyn til finanspostane (renteutgift, renteinntekt/avkastning og avdragsutgift).

**Brutto driftsresultat** viser eit overskot på ca. 14,7 mill mot eit budsjettert underskot på minus 3,6 mill kr.

**Netto driftsresultat** viser eit overskot på kr 10,6 millionar. I budsjettet var det budsjettert med eit tilnærma 0 resultat dvs eit overskot på kr 10 000,- som var budsjettert overført til disposisjonsfondet. På grunn av eit mykje betre resultat kan vi no overføre 13,5 mill til disposisjonsfondet.

### **Disposisjonsfondet**

Disposisjonsfondet er pr. 31.12.2022 på kr 39,6 millionar.

### **Bundne driftsfond**

Bundne driftsfond er pr. 31.12.2022 kr 16,0 millionar. Dette er i utgangspunktet fond som er avsett til øyremerka formål.

### **Tilrådd resultat margin**

Resultat margin er netto driftsresultat i prosent av samla driftsinntekt.

Tilrådd resultat margin frå Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi er om lag 1,75 %.

Statsforvaltaren i Vestland tilrår ein resultatmargin på 2%.

Osterøy kommune sin resultat margin for 2022 er ca. 1,5 % i % av brutto driftsinntekt.

Heradsstyret i Osterøy vedtok i februar 2020 at netto driftsresultat i % av driftsinntekter bør vere 1 % av netto driftsinntekt.

### **Kommentarar til dei største avvika:**

#### **Rammetilskot**

Inntektene frå rammetilskotet er ca. 1 mill kr. høgare enn budsjett. På grunn av høge skatteinntekter ble rammetilskotet til kommunane redusert.

#### **Skatt på inntekt og formue**

Inntektene frå skatt på inntekt og formue er vesentleg høgare enn budsjett. Kommunen budsjetterte med ca. 226,4 mill medan inntektene til slutt blei 255,9 mill som er 29,5 mill kr. høgare enn budsjett.

Som i 2021 heng auken i skatteinntektene saman med endringar i utbytteskattlegginga. Mykje av denne auken kom i slutten av 2022 og har bidratt til eit godt resultat i 2022.

Når vi budsjetterer skatt på inntekt og formue baserer vi oss på prognosane frå KS samt egne vurderingar på folketalsutvikling og nivået på skjønsmidlar.

### **Eigedomsskatt**

Inntekter frå eigedomsskatt er omlag som budsjettert.

Osterøy kommune bruker skatteetaten sin bustadverdi som grunnlag for å fastsetje eigedomsskattgrunnlaget på bustader på Osterøy. Skatteetatens bustadverdi er eit overslag på bustaden sin marknadsverdi berekna ut i frå bustaden sitt areal, byggjeår, bustadtype, og opplysningar om omsette bustader i kommunen. Landbrukseigedomar og fritidseigedomar har kommunen sjølv taksert.

For 2022 er skattesatsane uendra og er 4,0 promille for bustader og fritidseigedommar. For andre eigedommar er skattesatsen 7 promille.

### **Inntekt frå Havbruksfond**

I 2022 har vi fått ca. 13,3 mill frå havbruksfondet som er ca. 393 000,- meir enn budsjettert. Inntektene frå havbruksfondet varierer frå år til år og det er budsjettert med eit lågare beløp i 2023.

### **Finansinntekter**

#### **Renteinntekt-finansinntekt**

I 2022 har rentene på både innskot og innlån vore høgare enn budsjett. Renteinntektene har vore om lag 2,8 mill høgare enn budsjett og endte på ca. 4,6 mill kr.

### **Finansutgifter**

#### **Avdrag**

Det er tatt opp kr 40 millionar i nye lån i 2022. I tillegg er det tatt opp kr. 23 millionar til formidlingslån gjennom Husbanken.

Det er betalt kr. 32,1 mill i avdrag inkludert avdrag til formidlingslån frå Husbanken i 2022.


### **Renteutgift**

## Årsmelding 2022

Renteutgiftene har vore om lag 3,8 mill høgare. Kommunen har naturleg nok mykje meir gjeld enn innskot, men i 2022 har vi spart på at vi har hatt fastrente på fleire lån. Når renta er såpass høg inngår vi ikkje nye fastrenteavtaler. Det gjer at fastrenteavtalene etter kvart går ut på dato og renteutgiftene vil dermed auke i åra framover.

| Forfallsintervall, jfr refinansieringsrisiko |      |
|----------------------------------------------|------|
| Resterande tid fram til forfallstidspunkt    |      |
| for låna i portefølja hensyntatt avdrag      |      |
| Under 1 år                                   | 30 % |
| 1-2 år                                       | 0 %  |
| 2-3 år                                       | 16 % |
| 3-5 år                                       | 14 % |
| Over 5 år                                    | 40 % |

## Slik er kommunen organisert i 2022



## Politisk organisering

Dei ulike partia er representert slik


- Heradsstyret (27 medl): SP 5, Høgre 4, AP 4, SV 2, KrF 3, Venstre 1, FrP 7, MDG 1
- Formannskapet (9 medl): SP 2, Høgre 1, AP 2, SV 1, KrF 1, FrP 2
- Administrasjonsutvalet (9 medl): Som formannskapet
- Plan- og kommunalteknisk utval (5 medl): SP 1, Høgre 1, AP 1, FrP 1, MDG 1
- Kontrollutvalet (5 medl): SP 1, Høgre 1, AP 1, Venstre 1, FrP 1
- Valstyret (5 medl): SP 1, Høgre 1, AP 1, SV 1, FrP 1,
- Arbeidsutval for innstilling i valsaker (8 medl): SP 1, Høgre 1, AP 1, SV 1, KrF 1, Venstre 1, FrP 1, MDG 1
- Klagenemnd (9 medl): Som formannskapet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (6 medl): Høgre 1
- Ungdomsrådet (8 medl)
- Eldrerådet (6 medl): KrF 1

## Administrativ organisering

Organisasjonskartet viser tre sektorar som er leia av kvar sin kommunalsjef. Rådmann, tre kommunalsjefar og tre leiarar i Stab utgjer rådmannen sitt leiarteam. Kvar sektor har einingar med einingsleiarar. Alle einingar, med unntak av NAV, Teknisk forvaltning og Plan har avdelingsleiarar som rapporterer til einingsleiarar. I eining skule under sektor Oppvekst, undervisning og kultur er det eit leiarnivå under rektor som ikkje går fram av organisasjonskartet. Dei tre stabseiningane skal vere støtte til sektorane og leiarane deira innan sitt fagområde.

## Organisasjonskart





## Visjon og verdigrunnlag

Visjonen for Osterøy kommune sin organisasjon er «Saman om gode tenester».

Organisasjonen sitt felles verdigrunnlag består av fire grunnleggjande verdiar:

### Respekt – Omsorg - Tydeleg - Ærleg

Gjennom verdiane skal me drive ein effektiv organisasjon. Gjennom verdiane byggjar me ein god organisasjonskultur og eit godt arbeidsmiljø. Vårt felles verdisett skal prege kvardagen vår og motivere oss til å yte vårt beste ovanfor innbyggjarane våre. Gjennom verdiane blir det tydeleg kva forventningar me skal ha til kvarande, og kva som skal kjenneteikne oss som organisasjon, både internt og eksternt.

## Arbeidsgjevaren Osterøy kommune

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen på Osterøy. Pr 31.12.2022 hadde kommunen 796 tilsette delt på 615,98 årsverk. Talet på tilsette har auka med 6 personar i 2022.

### Årsverk pr. sektor

Tabell viser antall årsverk per sektor i organisasjonen. Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen på Osterøy. Pr 31.12.2022 hadde kommunen 796 tilsette delt på 615,98 årsverk. Talet på tilsette har auka med 11 personar frå 2021 til 2022, og årsverk har auka med 20,06. Auken kjem hovudsakleg frå sektor Helse, omsorg og sosial, men det er samtidig ei lita auke i sektor Oppvekst, undervisning og kultur.

| Sektor                           | 2019          | 2020          | 2021          | 2022          |
|----------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Rådmann og stab                  | 52,38         | 30,12         | 27,42         | 27,22         |
| Oppvekst, undervisning og kultur | 285,03        | 289,73        | 273,39        | 278,60        |
| Helse, omsorg og sosial          | 225,63        | 248,76        | 246,38        | 265,04        |
| Samfunnsutvikling                | 53,54         | 55,53         | 48,73         | 45,12         |
| <b>Totalt</b>                    | <b>616,58</b> | <b>624,14</b> | <b>595,92</b> | <b>615,98</b> |

## Digitalisering av tenester

Organisasjonen tok i bruk eit nytt system for økonomirapportering og økonomistyring. Avtalen med Framsikt blei inngått i slutten av 2021 og systemet blei operativt i 2022. Systemet gir tydelegare samanheng mellom styringsdata og økonomiforvaltning. Systemet skal vidareutviklast i 2023.

I arbeidet med å tydeleggjere roller og mynde til leiarane i organisasjonen innførte kommunen delegeringssystemet KF-delegering. Systemet skal bidra til å synleggjere kva delegering som er gjort frå Rådmann til den enkelte leiar og kva mynde den enkelte har i vedtakssaker. Arbeidet blei starta i 2022 og blir vidare ført i 2023.

Kommunen abonnerer på fleire handbøker frå Kommuneforlaget. Det omhandlar relevant lov og avtaleverk med rettleiing innan relevante tema. I arbeidet med å styrke leiaroppfølging, leiartrening og leiarutvikling blei det inngått ny avtale om «Leiarhandbok». Det digitale verktøyet skal bidra til å tydeleggjere sentrale og lokale forventingar og verktøy i arbeidet med å utvikle leiarrolla lokalt. Arbeidet blir vidareført til 2023.

## Omstrukturering av tenester og interne prosesser

Heradsstyret vedtok å greie ut moglegheita for å konkurranseutsetje reinhaldstenesta. Etter ein lengre utgreiing og anbudsprosess blei det vedtatt at reinhaldstenesta blir i organisasjonen Osterøy kommune. Eininga fekk krav om å redusere utgiftene.

Organisasjonen har arbeida med å rydde i strukturane og roller i organisasjonen. Som ein del av arbeidet blei det rydda i leiarstrukturen, stillings- og lønskapittel. Det er innført nye ordningar for leiarar som er unnateke bestemmingane i arbeidsmiljølova om arbeidstid og innført kompensasjonsordningar for stillingane som er omfatta av endringa. Arbeidsgjevar har i perioden 2020 – 2022 hatt ei pågåande tvist med ein fagorganisasjon om arbeidstidsbestemmingar. Tvisten blei løyst gjennom nye lokale forhandlingar mellom partane i 2022.

Osterøy kommune blei i 2022 sertifisert som Miljøfyrtårn gjennom «Stiftelsen Miljøfyrtårn. Miljøfyrtårn er eit verktøy med fokus på kontinuerleg forbetring. Målet er at Osterøy kommune som verksemd dreiar i retning mot ein meir effektiv og berekraftig drift ved å kartlegge korleis drifta vår er i dag. Deretter set vi konkrete mål for å mellom anna redusere forbruket vårt, jobbe systematisk innanfor HMS, verte meir energieffektiv, gjere ansvarlege innkjøp, vere bevisst korleis vi reiser i samband med arbeidsreiser og

## Årsmelding 2022

bidrar til ein auka sirkulær økonomi (altså å kjeldesortere). For å verte godkjent som Miljøfyrtårn må vi oppfylle fleire punkter innanfor arbeidsmiljø, avfall, innkjøp, transport og energi.

Målet er at alle dei kommunale bygga og tenestene skal vere sertifisert innan utgangen av 2025. Våren 2021 vart Familie- og omsorgssenteret sertifisert og hausten 2022 vart rådhuset som hovudkontor sertifisert. Arbeidet fortsett vidare med dei andre underliggende einingane som skular, barnehagar, sjukeheimen, avlastningstenesta og brann- og redningstenesta.

## Investeringer

### Investeringer samla vurdering

|        |                                                                               | Regnskap   | Budsjett   | Avvik(per.) | Kommentarer                                                                                                                                                                                                               |
|--------|-------------------------------------------------------------------------------|------------|------------|-------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|        |                                                                               | 2022       | 2022       | -           |                                                                                                                                                                                                                           |
| K01007 | Investering IKT-digitalisering/kompetanseheving                               | 2 715 169  | 3 000 000  | - 284 831   | Det meste gjeld investeringar i oppvekstsektoren som elektroniske tavlar, utskifting av pcer og annet utstyr i skule og barnehager. I tillegg er det investert i lyd-konferansesystem i Osterøyhallen og i Familiens hus. |
| K01009 | Enøk tiltak generelt                                                          | 2 096 501  | 2 000 000  | 96 501      | Investert i nye varmepumper (luft-luft) og LED-belysning i fleire bygg. Nye glasfelt og dører i 2. etasje på Rådhuset.                                                                                                    |
| K01010 | Brannsikring kommunale bygg                                                   | 253 750    | 250 000    | 3 750       | Nytt brannalarmanlegg på eit bygg. Utbetring av rømningsvegar på Familie- og omsorgssenteret                                                                                                                              |
| K01086 | Kjøp av eigedom, innløyising av grunn                                         | -          | 3 000 000  | - 3 000 000 | Ikkje gjennomført                                                                                                                                                                                                         |
| K01087 | Kjøp av Sakslivegen                                                           | -          | 1 000 000  | - 1 000 000 | Blei ikkje gjennomført før januar 2023                                                                                                                                                                                    |
| K01121 | Tysse vassverk                                                                | 111 715    | 1 000 000  | - 888 285   | Gjeld omlegging av veg til Kleppskare høgdebasseng. Kun prosjektering 2022. Skal gjennomførast i 2023.                                                                                                                    |
| K01128 | Samlokalisering brannvern, tekniske teneste, ambulanse                        | 49 356 304 | 47 500 000 | 1 856 304   | Budsjett justert til 54 mill. Prosjektet blei overlevert og ferdigstilt i 2022. Kjem litt kostnader i 2023, men ikkje overskriding av totalbudsjett.                                                                      |
| K01192 | Avlastingsbustad og dagtilbud på Hauge                                        | 54 540     | 3 000 000  | - 2 945 460 | Ikkje starta, anna enn i eit par interne møte. Planlegg å starta opp med regulering og prosjektering i 2023.                                                                                                              |
| K01199 | Vassleidning Hosanger, Raknes, Hamre. Landarbeid og sjøarbeid inkl noko avløp | 42 740     | -          | 42 740      | Restar frå prosjekt i 2021.                                                                                                                                                                                               |
| K01201 | Haus vassverk og avlaup, til Espevoll                                         | 1 147 509  | 10 000 000 | - 8 852 491 | Prosjekt er forseinka. Kun prosjektering og oppfølging i 2022. Anleggsarbeida starta januar 2023.                                                                                                                         |
| K01226 | Infrastruktur Oddalsmyra-Hauge                                                | - 77 481   | -          | - 77 481    | Restar frå prosjekt i 2021.                                                                                                                                                                                               |

# Årsmelding 2022

|        |                                                                 |           |            |                 |                                                                                                                                                                          |
|--------|-----------------------------------------------------------------|-----------|------------|-----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| K01260 | Valestrand skule, trafikkisikring, parkeringsplass, skuleområde | 542 439   | 17 000 000 | - 16<br>457 561 | Prosjekt er forseinka. Kun prosjektering og oppfølging i 2022. Anleggsarbeida starta januar 2023.                                                                        |
| K01279 | Kommunale bilar                                                 | 2 504 736 | 2 000 000  | 504 736         | Div. utskifting av kommunale bilar.                                                                                                                                      |
| K01289 | Rehabilitering VA-ledningar                                     | 46 510    | 3 000 000  | - 2<br>953 490  | Mangla ressursar internt til å gjennomføra prosjekt i 2022.                                                                                                              |
| K01290 | Osterøytunet, diverse investeringar                             | 342 866   | 500 000    | - 157 134       | Utskifting av div. maskiner og utstyr på Osterøytunet                                                                                                                    |
| K01297 | Nye bustader, små einingar                                      | 9 600     | -          | 9 600           | Restar frå prosjekt i 2021.                                                                                                                                              |
| K01301 | Trafikkisikring av kommunal veg og eigedom                      | 640 946   | 1 000 000  | - 359 054       | Starta prosjekt med autovern og støypekantar på kommunale vegar i desember. Fekk problem med snø og tele og blei ikke ferdig. Prosjektet blei ferdigstilt i januar 2023. |
| K01308 | Bustader omsorg +                                               | -         | 1 000 000  | - 1<br>000 000  | Ikkje starta. Arbeidd med grunnnerv.                                                                                                                                     |
| K01313 | Rehabilitering vassledning Votlo                                | -         | 500 000    | - 500 000       | Mangla ressursar internt til å gjennomføra prosjekt i 2022.                                                                                                              |
| K01314 | Overføringsleidning Raknes-Lonevåg                              | 691 014   | 1 000 000  | - 308 986       | Noko utgifter er restar frå prosjekt i 2021. Noko gjeld prosjektering av siste parsell frå Kårvika til Lonevåg høgdebasseng.                                             |
| K01316 | Osterøyhallen                                                   | 378 658   | -          | 378 658         | Mogelegheitsstudie for utviding og ENØK-tiltak i Osterøyhallen. Eige vedtak i H-styret.                                                                                  |
| K01321 | Infrastrukturbygging                                            | 204 722   | -          | 204 722         | Restar frå prosjekt i 2021.                                                                                                                                              |
| K01328 | Votlo rassikring                                                | 4 741 656 | 1 900 000  | 2 841 656       | Drenering og rassikring etter raset på Votlo. Overskriding i 2022 då kommunen forskotterer prosjektet. Får igjen tilskot frå NVE som kjem som inntekt på 2023.           |
| K01331 | Dagsturhytte                                                    | 103 603   | -          | 103 603         | Restar frå prosjekt i 2021.                                                                                                                                              |
| K01333 | Høgdebasseng Hauge                                              | -         | 3 000 000  | - 3<br>000 000  | Mangla ressursar internt til å gjennomføra prosjekt i 2022.                                                                                                              |
| K01343 | Rehabilitering kommunale bro                                    | -         | 1 000 000  | - 1<br>000 000  | Mangla ressursar internt til å gjennomføra prosjekt i 2022.                                                                                                              |
| K01345 | Fiber Kleiveland og Vassdalen                                   | 1 680 725 | -          | 1 680 725       | Gjeld fiber Greve-Skår, Brakvatn og Kvisti-Stokkaneset. Kostnader vert refundert frå VLFK                                                                                |
| K01349 | Oppgradere tak Lonevåg barnehage                                | 5 557 527 | 4 000 000  | 1 557 527       | Budsjett auka til 6.375.000,- i eige vedtak. Prosjektet får noko kostnad i 2023 også. Dei er budsjettert inn.                                                            |
| K01350 | Osterøytunet - avdelingskjøkken oppgradering                    | 997 836   | 500 000    | 497 836         | Skifta kjøkken på gruppe 1-5.                                                                                                                                            |
| K01351 | Vannleidning Bruvik                                             | 27 004    | 5 000 000  | - 4<br>972 996  | Ikkje starta. Sal av byggefelt, utbyggingsavtale er ikkje på plass. Kun gjort nokre forstudier. Prosjekte vedr forskyvd til 2023-2024.                                   |
| K01352 | Driftskontrollsystem for Vatn og Avlaup                         | 1 589 743 | -          | 1 589 743       | Naudsynt prosjekt som måtte settast i gang på kort varsel. Gjeld sjølvkost.                                                                                              |

## Årsmelding 2022

|        |                                |         |   |         |                                          |
|--------|--------------------------------|---------|---|---------|------------------------------------------|
| K01353 | Skulekjøkken Fotlandsvåg Skule | 194 560 | - | 194 560 | Skifta kjøkken på Fotlandsvåg skule.     |
| K01354 | 110Vest iks                    | 179 258 | - | 179 258 | Gjeld noko nytt utstyr til 110-sentralem |

## Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

|                                                      | Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|------------------------------------------------------|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Investeringar i varige driftsmidlar                  |      | 44 145            | 112 150            | 112 150           | 76 485            |
| Tilskot til andre sine investeringar                 |      | 66                | 0                  | 0                 | 66                |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap          |      | 1 346             | 0                  | 0                 | 5 470             |
| Utlån av eigne midlar                                |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Avdrag på lån                                        |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>                      |      | <b>45 558</b>     | <b>112 150</b>     | <b>112 150</b>    | <b>82 021</b>     |
| Kompensasjon for meirverdiavgift                     |      | -3 385            | -19 530            | -19 530           | -10 740           |
| Tilskot frå andre                                    |      | -5 124            | 0                  | 0                 | -8 472            |
| Sal av varige driftsmiddel                           |      | -4 497            | 0                  | 0                 | -60               |
| Sal av finansielle anleggsmiddel                     |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Utdeling frå selskap                                 |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel             |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Bruk av lån                                          |      | -32 563           | -92 620            | -92 620           | -62 760           |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>                     |      | <b>-45 569</b>    | <b>-112 150</b>    | <b>-112 150</b>   | <b>-82 032</b>    |
| Vidareutlån                                          |      | 15 852            | 23 000             | 23 000            | 10 736            |
| Bruk av lån til vidareutlån                          |      | -11 262           | -23 000            | -23 000           | -9 301            |
| Avdrag på lån til vidareutlån                        |      | 3 114             | 6 000              | 6 000             | 3 677             |
| Mottatte avdrag på vidareutlån                       |      | -7 704            | -6 000             | -6 000            | -5 112            |
| <b>Netto utgifter vidareutlån</b>                    |      | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>0</b>          |
| Overføring frå drift                                 |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond              |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Bruk av bundne investeringsfond                      |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond              |      | 12                | 0                  | 0                 | 12                |
| Bruk av ubunde investeringsfond                      |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Dekning av tidlegare års udekkja beløp               |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| <b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b> |      | <b>12</b>         | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>12</b>         |
| <b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>  |      | <b>0</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>0</b>          |

## Status investeringar (2B)

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

|                                                  | Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|--------------------------------------------------|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Prosjekt manglar                                 |      | 1                 | 0                  | 0                 | 12                |
| <b>Sum</b>                                       |      | <b>1</b>          | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>13</b>         |
| <b>Andre investeringar</b>                       |      |                   |                    |                   |                   |
| Investering i digitalisering - velferdsteknologi |      | 924               | 3 000              | 3 000             | 3 053             |
| ENØK - tiltak, generelt                          |      | 838               | 2 000              | 2 000             | 2 097             |
| Brannsikring kommunale bygg                      |      | 0                 | 250                | 250               | 254               |

## Årsmelding 2022

|                                                                                | Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|--------------------------------------------------------------------------------|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Kjøp av eidegom/innløsning av grunn                                            |      | 1 856             | 3 000              | 3 000             | 0                 |
| Kjøp av Sakslivegen                                                            |      | 0                 | 1 000              | 1 000             | 0                 |
| Samlokalisering brannvern, teknisk tenester, ambulanse                         |      | 9 794             | 47 500             | 47 500            | 49 356            |
| Flaumsikring Valestrand                                                        |      | 34                | 0                  | 0                 | 0                 |
| Bustadar for personar med utviklingshemming - Solplassen                       |      | 3 871             | 0                  | 0                 | 0                 |
| Avlastingsbustad og dagtilbud på Hauge                                         |      | 104               | 3 000              | 3 000             | 55                |
| Utvidelse av kapasitet barnehage                                               |      | 7                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Valestrand skule, trafikkisikring, parkeringsplass, skuleområde (videreføring) |      | 1 246             | 17 000             | 17 000            | 542               |
| Kommunale biler                                                                |      | 2 145             | 2 000              | 2 000             | 2 505             |
| Osterøytunet - investeringer                                                   |      | 358               | 500                | 500               | 343               |
| Nye bustader, små einingar                                                     |      | 3 423             | 0                  | 0                 | 10                |
| Trafikkisikring av kommunale veg og eidegom                                    |      | 93                | 1 000              | 1 000             | 641               |
| Bustadar omsorg + - kommunal del                                               |      | 14                | 1 000              | 1 000             | 0                 |
| Osterøyhallen                                                                  |      | 0                 | 0                  | 0                 | 379               |
| Infrastrukturutbygging                                                         |      | 2 929             | 0                  | 0                 | 205               |
| Ombygging rådhus- sikkerhet samt optimalisering av rådhus                      |      | 37                | 0                  | 0                 | 0                 |
| Votlo rassikring                                                               |      | 2 082             | 1 900              | 1 900             | 4 742             |
| Dagsturhytte                                                                   |      | 1 557             | 0                  | 0                 | 104               |
| Utbedring kommunale bruer                                                      |      | 1 391             | 1 000              | 1 000             | 0                 |
| Oppgradere tak Lonevåg barnehage                                               |      | 0                 | 4 000              | 4 000             | 5 558             |
| Osterøytunet - avdelingskjøkken oppgradering                                   |      | 0                 | 500                | 500               | 998               |
| Skulekjøkken Fotlandsvåg Skule                                                 |      | 0                 | 0                  | 0                 | 195               |
| 110 Vest IKS                                                                   |      | 0                 | 0                  | 0                 | 179               |
| Sal av eigedommar                                                              |      | 71                | 0                  | 0                 | 0                 |
| Fiber Kleiveland og Vassdalen                                                  |      | 348               | 0                  | 0                 | 1 681             |
| <b>Sum Andre investeringer</b>                                                 |      | <b>33 124</b>     | <b>88 650</b>      | <b>88 650</b>     | <b>72 894</b>     |
| <b>Selvkost</b>                                                                |      |                   |                    |                   |                   |
| Tiltak avlaup Tysse                                                            |      | 342               | 1 000              | 1 000             | 112               |
| Vassleidning Hosanger, Raknes, Hamre.                                          |      | 288               | 0                  | 0                 | 43                |
| Landarbeid og sjøarbeid inkl noko avløp                                        |      |                   |                    |                   |                   |
| Haus Vassverk og avlaup, til Espevoll                                          |      | 189               | 10 000             | 10 000            | 1 148             |
| Haus vassverk                                                                  |      | 1                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| Stuttåsen - Vevleheia, vatn og avlaup                                          |      | 4 177             | 0                  | 0                 | 0                 |
| Vassleidning Hosanger, Raknes, Hamre.                                          |      | 126               | 0                  | 0                 | 0                 |
| Sjøarbeid                                                                      |      |                   |                    |                   |                   |
| Infrastruktur Oddalsmyra-Hauge                                                 |      | 3 797             | 0                  | 0                 | -77               |
| Haus skule uteareal inkludert parkering                                        |      | 57                | 0                  | 0                 | 0                 |
| Rehabilitering av VA-leidninger                                                |      | 600               | 3 000              | 3 000             | 47                |
| Rehabilitering Vannledning Votlo                                               |      | 0                 | 500                | 500               | 0                 |
| Overføringsledning Raknes- Lonevåg                                             |      | 7                 | 1 000              | 1 000             | 691               |
| Høydebasseng Hauge                                                             |      | 0                 | 3 000              | 3 000             | 0                 |
| Lonevåg barnehage vognskur + dører                                             |      | 10                | 0                  | 0                 | 0                 |
| Lonevåg barnehage parkering-utviding av uteområder                             |      | 115               | 0                  | 0                 | 0                 |
| Gravemaskin                                                                    |      | 1 277             | 0                  | 0                 | 0                 |
| Vannledning Bruvik                                                             |      | 0                 | 5 000              | 5 000             | 27                |
| Driftskontrollsystem for Vatn og Avlaup                                        |      | 36                | 0                  | 0                 | 1 590             |
| <b>Sum Selvkost</b>                                                            |      | <b>11 021</b>     | <b>23 500</b>      | <b>23 500</b>     | <b>3 579</b>      |
| <b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>                                     |      | <b>44 145</b>     | <b>112 150</b>     | <b>112 150</b>    | <b>76 485</b>     |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

| Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|

## Årsmelding 2022

|                                             | Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|---------------------------------------------|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Infrastruktur Oddalsmyra-Hauge              |      | 66                | 0                  | 0                 | 66                |
| <b>Tilskot til andre sine investeringar</b> |      | <b>66</b>         | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>66</b>         |

### 3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

|                                                    | Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|----------------------------------------------------|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| IKKJE PROJEKTFØRT                                  |      | 1 346             | 0                  | 0                 | 5 470             |
| <b>Investeringar i aksjar og andelar i selskap</b> |      | <b>1 346</b>      | <b>0</b>           | <b>0</b>          | <b>5 470</b>      |

### 4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

|                      | Note | Rekneskap<br>2021 | Opph. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Rekneskap<br>2022 |
|----------------------|------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Utlån av egne midlar |      | 0                 | 0                  | 0                 | 0                 |
| <b>Sum del 1-4</b>   |      | <b>45 558</b>     | <b>112 150</b>     | <b>112 150</b>    | <b>82 021</b>     |

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering                                                                   | Budsjett for året |               |
|-------------------------------------------------------------------------------|-------------------|---------------|
|                                                                               | Rev. bud.         | Rekneskap     |
| 110 Vest IKS                                                                  | 0                 | 179           |
| Avlastingsbustad og dagtilbud på Hauge                                        | 3 000             | 55            |
| Brannsikring kommunale bygg                                                   | 250               | 254           |
| Bustadar omsorg + - kommunal del                                              | 1 000             | 0             |
| Dagsturhytte                                                                  | 0                 | 104           |
| Driftskontrollsystem for Vatn og Avlaup                                       | 0                 | 1 590         |
| ENØK - tiltak, generelt                                                       | 2 000             | 2 097         |
| Fiber Kleiveland og Vassdalen                                                 | 0                 | 1 681         |
| Haus Vassverk og avlaup, til Espevoll                                         | 10 000            | 1 148         |
| Høydebasseng Hauge                                                            | 3 000             | 0             |
| Infrastruktur Oddalsmyra-Hauge                                                | 0                 | -12           |
| Infrastrukturutbygging                                                        | 0                 | 205           |
| Investering i digitalisering - velferdsteknologi                              | 3 000             | 3 053         |
| Kjøp av eigedom/innløyising av grunn                                          | 3 000             | 0             |
| Kjøp av Sakslivegen                                                           | 1 000             | 0             |
| Kommunale biler                                                               | 2 000             | 2 505         |
| Nye bustader, små einingar                                                    | 0                 | 10            |
| Oppgradere tak Lonevåg barnehage                                              | 4 000             | 5 558         |
| Osterøytunet - avdelingskjøkken oppgradering                                  | 500               | 998           |
| Osterøytunet - investeringer                                                  | 500               | 343           |
| Overføringsleidning Raknes- Lonevåg                                           | 1 000             | 691           |
| Rehabilitering av VA-leidninger                                               | 3 000             | 47            |
| Rehabilitering Vannledning Votlo                                              | 500               | 0             |
| Samlokalisering brannvern, teknisk tenester, ambulanse                        | 47 500            | 49 356        |
| Skulekjøkken Fotlandsvåg Skule                                                | 0                 | 195           |
| Tiltak avlaup Tysse                                                           | 1 000             | 112           |
| Trafikksikring av kommunale veg og eigedom                                    | 1 000             | 641           |
| Utbedring kommunale bruer                                                     | 1 000             | 0             |
| Valestrand skule, trafikksikring, parkeringsplass, skuleområde (videreføring) | 17 000            | 542           |
| Vannledning Bruvik                                                            | 5 000             | 27            |
| Vassledning Hosanger, Raknes, Hamre. Landarbeid og sjøarbeid inkl noko avløp  | 0                 | 43            |
| Votlo rassikring                                                              | 1 900             | 4 742         |
| Sum andre prosjekt                                                            | 0                 | 5 861         |
| <b>Sum</b>                                                                    | <b>112 150</b>    | <b>82 021</b> |



## Kommunen sine tenesteområde

### Rådmannen og stabsseksjonar

#### Skildring av tenesteområdet

Rådmannen er den øvste leiar for kommunen sin administrasjon og har arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette i kommunen. Rådmannen er og bindeleddet mellom politisk nivå og administrativt nivå i kommunen og sjå til at politiske vedtak vert følgt opp og sett ut i livet.

Stab- og støttefunksjonane er ansvarleg for administrativ spisskompetanse og har ansvar for oppgåver som er felles for heile organisasjonen. Dei skal arbeide med løysingar som stettar behova i sektorane og vere rådgjevande i sektorane sine problemstillingar. Vidare skal stab- og støttefunksjonane løyse dei oppgåvene som sektorane ikkje har føresetnader eller kompetanse til å løyse, og leie prosjekt og prosessar som ikkje naturleg høyrer til sektorane.

Budsjettområda Rådmann og stab består av rådmann og tre stabar som alle vert leia av stabsleiarar:

|                                                                                                         |                                             |                                                                                                     |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Overordna styringsdokument: arbeidsgjevarstrategi, arbeidsgjevar politikk, organisasjonskultur og leing | Økonomiplan                                 | Dokumentforvaltning og drift av kommunen sitt arkivsystem.                                          |
| Leiaropplæring, leiartraining leiarstøtte og leiarverktøy                                               | Budsjett, rekneskap og tertialrapport       | Opplæring, støtte og rådgjeving til sakshandsamar.                                                  |
| Leiar, medarbeidar og kompetanseutvikling                                                               | Rådgjeving og analyse til sektorane         | Servicesenter som førstelinje ut mot publikum og egne tilsette.<br><br>Hjelpe og rettleie publikum. |
| Systemansvar: personalforvaltning, oppfølging og utvikling                                              | Rekneskapsføring, fakturering og innkreving | Kommunikasjon og formidling i alle kommunen sine kanalar og plattformer                             |
| Internt kompetansesenter og rådgjeving innan HR sitt fagområde                                          | Eigedomskatt                                | Sekretariatfunksjon for ordførar, politisk utval, rådmann og sakshandsamar.                         |
| HMT og inkluderande arbeidsliv                                                                          | Fakturabehandling                           | Møtesekretær i politiske utval og råd, rådgjeving i politiske møte.                                 |
| Løn, forhandlingar og personalforvaltning                                                               | Revisjon                                    | Digitaliseringsprosjekt og gjennomføring.                                                           |

### Året 2022

#### Måloppnåing - kva fekk vi til og kva fikk vi ikkje til

##### Sektorovergripande arbeid

- Investeringer - oppfølging

Prosjektkoordinator tilsett i 2022, som gjev meir fokus på investeringsoppfølging.

- Barnevern - interkommunalt samarbeid

Felles barnevern med Vaksdal og Modalen innført i 2022.

- Felles kontaktsenter

Felles kontaktsenter ble innført i 2022 samen med Gulen og Vaksdal kommune.

- Samlokalisering.

I desember 2022 ble samlokaliseringsbygget opna og tatt i bruk. Dette bygget samlar ambulanse , brann og redning, vaktmesterne og tilsette på veg sentralt plassert på Osterøy.

- Arealdelen av kommuneplanen.

Arbeidet med arealdelen til kommuneplanen starta i 2022. Det var fleire folkemøter i 2022 og arbeidet fortsett framover.

- Leiarssamling

Frå 2022 er det etablert månadlege leiarmøter for alle leiarar. Her vert aktuelle tema tatt opp og på enkelte samlingar er det eksterne foredragshaldarar.

- Bustadarbeid

Bustadsosial handlingsplan blei vedteken i 2021 og i 2022 vart ein bustadkoordinator tilsett i 70% stilling for å betre organiseringa av bustadarbeidet i kommunen.

- Miljøfyrtårnsertifisering

Me starta prosessen med innføringa av miljøleingssystemet Miljøfyrtårn i 2020. Familie- og omsorgssenteret vart sertifisert våren 2021, og hausten 2022 ble rådhuset sertifisert. Alle tilsette i kommunen vil etter kvart bli involvert i arbeidet

### Kommentar til dei største avvika under Rådmann og stab:

Totalt mindreforbruk i sektoren på ca. 2,2 mill i høve til budsjett når me ser på sektoren samla.

### Løn og personal.

Rekneskap som budsjettert i 2022. Auken får 2021 skyldast generell lønnsauke.

### Service , dokumentasjon og informasjon.

Mindreforbruk som skyldast vakante stillingar og sjukefråværsrefusjon

### Politiske -adm sekretariat

Mindre forbruk på løn

### Økonomikontor

Noko mindreforbruk og det skyldast vakant stilling i delar av året samt sjukeløns-refusjon.

### Rådmann

Det meste av overforbruk gjeld IKS samarbeid som er høgare enn budsjettert samt noko høgare på kontingenter til samarbeidsfora som til dømes KS.


## Status økonomi

Beløp i 1000



| Avdeling                                   | Rekneskap<br>2021 | Rekneskap<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr   | Avvik i %    |
|--------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|--------------|--------------|
| 110-Løn og personal                        | 7 317             | 7 705             | 7 695             | -11          | -0,1 %       |
| 120-Service, dokumentasjon, og informasjon | 16 470            | 18 623            | 19 453            | 830          | 4,3 %        |
| 130-Politisk - Adm sekretariat             | 5 393             | 4 347             | 6 032             | 1 685        | 27,9 %       |
| 140-Økonomi                                | 5 292             | 5 229             | 5 484             | 255          | 4,7 %        |
| 150-Rådmannen                              | 5 432             | 5 201             | 4 651             | -550         | -11,8 %      |
| <b>Sum</b>                                 | <b>39 905</b>     | <b>41 104</b>     | <b>43 314</b>     | <b>2 210</b> | <b>5,1 %</b> |

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)



### Detaljvisning drift (graf)



## Årsverk

| Eining            | 31.12.2022 | 31.12.2021 | 31.12.2020 |
|-------------------|------------|------------|------------|
| Rådmann og stabar | 27,22      | 27,62      | 30,12      |

## Oppvekst, undervisning og kultur

### Skildring av tenesteområdet

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur utfører tjenester til barn og unge i kommunen. Vi tilbyr òg kvalifiseringstiltak for vaksne innvandrar og har ansvar for bibliotekstilbodet. Det er eit mål at alle barn

og unge skal kjenne seg inkluderte og trygge og ha gode oppvekstvilkår. For at kvar enkelt skal utvikle seg best mogeleg, må ein koordinere innsatsen mellom heim, barnehage, skule og fritid. Dei ulike tenestene i oppvekst må arbeide systematisk med tidleg innsats som er målretta ut frå barnet sitt behov. Sektor for Oppvekst, undervisning og kultur er delt opp i fire einingar.

- **Barnehagen** sitt samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barn sitt behov for omsorg, lek og å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- **Skulen** skal gjennom eit godt og inkluderande læringsmiljø utvikle elevane sine grunnleggjande dugleikar og faglege kompetanse og arbeide for at flest mogeleg klarar å gjennomføre vidaregåande opplæring.
- **Familiens hus** sine tenester skal støtte barn og familiar til å meistre liva sine og fremje god helse.
- **Kultur og mangfald** gjev allsidige tilbod om viktige tenester gjennom kulturskule og bibliotek, samt tek i vare kultur- og idrettsfeltet i kommunen. Her er òg tilbod om vaksenopplæring (norskopplæring for minoritetsspråklege og grunnskule for vaksne), samt kvalifiseringsprogram for flyktningar.

## Året 2022

Covid-19 påverka drifta og utviklinga av tenestene i kommunen i stor grad første halvdel av 2022. Rådmannen skulle ynskt at vi hadde kome lengre i vidareutviklinga av tenestene, men mykje er bra.

- Barnehagane gjev kvalitativt gode tenester til barn og familiane. Dei har vore opne gjennom heile koronapandemien og sikra at familiane ha hatt stabile tenester.
- Fødselstala har falle tilbake under normalt nivå i 2022. Auken i barnefødsalar i 2021 ser dermed ut til å vere korona relatert. Trenden med reduksjon i fødselstal siste 5-årsperiode er dermed tilbake.
- Barnehagane har utarbeidd ein kvalitetsutviklingsplan for barnehagesektoren og er i ferd med å fornye planverket for barnehagesektoren.
- Dei kommunale skulane har jamt over god kvalitet, som støttar elevane og foreldra i trygge og gode læringsmiljø.
- Kommunen er langt framme med tilbod til barn og unge i Familiens hus. Det er mange som får tidleg hjelp og klarar seg godt. I det førebyggjande arbeidet har kommunen utført godt arbeid gjennom Barne- og familie teamet.
- Biblioteket og kulturskulen fornyar tilbodet og tek sats for å rekke over nye brukargrupper og møteplassar. Biblioteket har fått fagansvar for idrett, kultur og ungdomsarbeidet i kommunen, og har auka bemanninga i tråd med dette. Osterøy integrering og læringssenter tok i mot 65 flyktningar som raskt vert integrert i lokalsamfunnet.
- Verdssituasjonen har endra seg raskt etter krigen i Ukraina. Kultur og Mangfald har vist at dei kan snu seg raskt og tilpasse drifta.
- Sektoren har dyktige tilsette som set barn og unge først og legg ned ein stor samfunnsinnsats for innbyggjarane i kommunen.

## Utfordringar:

2022 vart eit annleis år grunna slutten av korona-situasjonen. Dei ulike einingane har hatt ulike utfordringar.

## Årsmelding 2022

- Elevane sitt læringsutbytte dei først åra kunne vi ønskt var betre innanfor dei grunnleggjande dugleikane lesing, rekning og engelsk. Det vert viktig å ha riktige ambisjonar for elevane. Barnehagar og skular arbeider målretta med språkutvikling.
- Barnevernet har opplevd uro og rådmannen har sett inn målretta tiltak for å betre undersøkingsarbeidet og dokumentasjon.
- I kultur og mangfald sine avdelingar har det vore trong for store endringar og styrking av tenesta grunna flyktningssituasjonen.
- Avdelingane har hatt høgt fråvær grunna Covid-19 og følger av pandemien. Det har over tid vore vanskeleg å få tak i vikar.

### Viktige hendingar

- Oppvekst undervisning og kultur sine leiarar har hatt fleire samlingar gjennom året der ein saman analyserer utfordringar, arbeider målretta og styrkjer i tenestetilbodet. Det er utarbeidd eit styringsdokument for «Osterøy på sitt beste» som er forankra i leiargruppa.
- Før skulestart august 2022 var alle tilsette i skule samla til ein felles utviklingsdag omkring språk og lesing. Målet var å auke forståing og samkøyring av tiltak for å auke lesekompetansen til elevane.
- Det har vore regionale kompetansehevingstiltak både for skule og barnehage med tema inkludering og fellesskap for alle.
- 3-partssamarbeidet er styrka i dei einskilde einingane gjennom systematisk arbeid i organisasjonen.

### Status økonomi

Beløp i 1000

| Avdeling               | Rekneskap<br>2021 | Rekneskap<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr    | Avvik i %     |
|------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|---------------|
| 300-Felles oppvekst    | 1 594             | 103               | 0                 | -103          | 0,0 %         |
| 310-Skule              | 101 339           | 103 687           | 95 592            | -8 095        | -8,5 %        |
| 320-Barnehage          | 69 246            | 69 123            | 68 360            | -763          | -1,1 %        |
| 330-Familiens hus      | 31 477            | 32 838            | 33 457            | 619           | 1,9 %         |
| 340-Kultur og mangfald | 8 676             | 5 518             | 9 083             | 3 564         | 39,2 %        |
| <b>Sum</b>             | <b>212 331</b>    | <b>211 270</b>    | <b>206 492</b>    | <b>-4 778</b> | <b>-2,3 %</b> |

### Kommentar til status økonomi

#### Kommentarer til dei største avvika.

**Skule:** Overforbruk skulast i hovudsak at nedtrekket frå august ikkje vart realisert. Grunnen til dette var delvis uklar situasjon for flyktningar. Ca 1,2 mill av overforbruket er grunna manglande foreldrebetaling for gratis SFO for 1. trinn elevar. Det har vore auka behov for spesialundervisning i privatskulane ut over det som var budsjettert. Det har kome til nye gjesteelevar frå Osterøy som har hatt trong for spesialundervisning.


**Barnehage:** Overforbruket skuldast at det har vore nye tiltak innanfor spesial-pedagogikk og styrking. Det har i tillegg vore mindre foreldrebetaling enn budsjettert.

**Kultur og Mangfald:** Mindreforbruket skuldast i hovudsak meirinntekter til flyktningar.

**Familiens hus:** Mindreforbruk skulast at det har vore vakansar i barnevern og PPT. Det har vore vanskeleg å få inn vikarar og dermed har vi ikkje brukt opp ramma for Familiens hus.


## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)



### Detaljvisning drift (graf)





## Kvalitets- og styringsindikatorer

Det er mange kvalitets og styringsindikatorer. Vi har valgt å ta med dei vi har brukt tidlegare.

| Indikatorar                                                                  | Mål 2022                           | Resultat 2022                                                                                                                                                                                          |           |
|------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Tilfredse foreldre i barnehage                                               | Foreldre-undersøking annakvart år. | Undersøkinga er gjennomført med godt resultat. Foreldra rapporterer om høg trivsel, god informasjon, gode relasjonar til vaksne og tilfredse foreldre. Alle desse indikatorane er over nasjonalt nivå. |           |
| Resultat elev-undersøkinga 7. trinn indikatora i skule:                      | På eller over nasjonalt snitt      | Osterøy:                                                                                                                                                                                               | Nasjonalt |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Trivsel</li> <li>Meistring</li> </ul> |                                    | 4,0                                                                                                                                                                                                    |           |
|                                                                              |                                    | 4,1                                                                                                                                                                                                    | 4,1       |

## Årsmelding 2022

|                                                                                                                                                            |                                         |                                                                                                                                                                                                                                           |     |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Motivasjon</li> </ul>                                                                                               |                                         | 3,6                                                                                                                                                                                                                                       | 3,9 |
|                                                                                                                                                            |                                         |                                                                                                                                                                                                                                           | 3,5 |
| Resultat elev-undersøkinga 10. trinn indikatoren i skule: <ul style="list-style-type: none"> <li>Trivsel</li> <li>Meistring</li> <li>Motivasjon</li> </ul> | På eller over nasjonalt snitt           | Osterøy: Nasjonalt<br>4,3      4,1<br>3,9      3,9<br>3,6      3,3                                                                                                                                                                        |     |
| Overgang til skule/arbeid                                                                                                                                  | Nasjonal målsetting: 70 %               | For få avslutta i 2022 til at vi kan publisere resultat.                                                                                                                                                                                  |     |
| Av dei som tek kontakt m/psykolog på dropp inn i skule skal talet gutar vere 30%.                                                                          | Psykolog ut på ungdomsskulane og på vgs | Familiens hus har leigd ut 10% psykolog til vgs fram til sommarferien i tillegg til at psykolog no er ute på ungdomsskulane anna kvar veke. Delen gutar som tar kontakt har auka, men me ser at me må fortsette arbeidet for å nå fleire. |     |
| Utlånstal biblioteket                                                                                                                                      | Komme tilbake til nivået før pandemi    | Har auka i forhold til pandemi-åra, men er ikkje tilbake til nivået før pandemi.                                                                                                                                                          |     |
| Elevtal kulturskulen                                                                                                                                       | Stabilisere elevtalet på 20 %           | Noko nedgang, men ligg på 17 %. 170 elevar i snitt mot 190 i 2021.                                                                                                                                                                        |     |

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

|                                                                     | Osterøy 2021 | Osterøy 2022 | Gausdal | Sveio  | Sula   | Marker | Hole St |
|---------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|---------|--------|--------|--------|---------|
| <b>Prioritet</b>                                                    |              |              |         |        |        |        |         |
| Grunnskole brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent) | 14,3 %       | 14,0 %       | 12,0 %  | 16,4 % | 16,3 % | 11,7 % | 1       |

### Status politiske planer

Oppvekst, undervisning og kultur har gjort dei fleste innsparingar som låg i budsjettet for 2022. Verdssituasjonen med flyktningar har likevel gjort at ein har måtte tilpasse drifta.

| Sektor/Eining      | Vedtak                                 | Status 31.12.2022                                                                                           |
|--------------------|----------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Skule              | Reduksjon av 10 årsverk                | Ikkje gjennomført. Hovudgrunn er flytting av ressursar til flyktningar. Innsparingar er lagt i budsjett 23. |
| Kultur og mangfald | Busetjing av 65 flyktningar i året.    | Kommunen hadde oppfylt anmodning frå IMDI november 22.                                                      |
| Barnehage          | Tilpasse drifta til nedgang i barnetal | Etter plan pr 1.8.22                                                                                        |
| Familiens hus      | Tilpasse drift til budsjett.           | Sett i verk pr 31.12.22..                                                                                   |

### Innsparingstiltak status :

- Skule har hatt eit meirforbruk i 2022. Dette skuldast at det kom fleire gjesteelevar, samt elevar med spesielle behov auka i året.
- Barnehage har tatt inn ein ny lærling frå august 22 som heradsstyret vedtok.
- Bemanningssituasjonen i barnevernet har vore vanskeleg. Det er mangel i regionen for kvalifisert personell. Det har medført at vi har brukt innleidde konsulentar for å ha forsvarleg sakshandsaming.

#### Konsekvensar for drifta :

Vikar-situasjonen har også gjort at ein ikkje har tilgjengeleg personell å sette inn når fast tilsette har ferie, permisjon eller sjukefråvær. Det har vore svært utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg med vikarar i alle einingane og tenestene, noko som har ført til auka press på dei tilsette i ein allereie pressa situasjon. Dette kan vere ein grunn til auka sjukefråvær.

#### Årsverk

Utviklinga av årsverk i sektoren har vore stabil innanfor barnehage og skule, medan kultur og mangfald og familiens hus har auka bemanninga.

| Eining             | 31.12.22 | 31.12.2021 | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|--------------------|----------|------------|------------|------------|
| Barnehage          | 89,42    | 88,9       | 93,8       | 93         |
| Familiens hus      | 28,6     | 22,7       | 23,7       | 22,7       |
| Kultur og mangfald | 24,4     | 16,6       | 19,06      |            |
| Skule              | 136,17   | 137,6      | 140        | 138,2      |

#### Kommentar til utviklinga:

Barnehagane har optimalisert drifta. Bemanning i barnehage er styrt av pedagog og bemanningsnorm. Familiens hus har hatt utfordringar med å rekruttere personell til barnevernet. Auken i stillingar er grunna samanslåing av barnevern og at dei tidlegare tilsette i Vaksdal barnevern no er tilsett i Osterøy. Kultur og mangfald har auke i bemanning for å følgje opp auken i flyktningar. Samtidig er det eit lite tenesteområde med totalt få årsverk, noko som gjer at det blir store prosentvise utslag på sjukefråvær. Skule har redusert med nokre av årsverka som låg inne i budsjettet, men har tilpassa drifta med auke grunna tilkomne flyktningar og gjesteelevar frå andre kommunar. Det meste av auken i personell er gjort med inndekking i integreringsmidlane.

#### Helse, omsorg og sosial

#### Skildring av tenesteområdet

#### Sektoren sine oppgåver

##### Internt

Tenesteyting: Sektoren skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om nødvendige helse-, omsorgs- og sosiale tenester. Sektoren sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper; personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelavhengigheit, sosiale utfordringar eller funksjonsnedsetjing.

Rekruttering: Kommunen samarbeider med Osterøy vidaregåande skule i samband med praksisplassar for alle elevane innan helsefag. Kommunen har årleg opptak av nye lærlingar og tek anna kvart år opp ny TAF lærling. I tillegg legg sektoren til rette for studentpraksis innan fleire områder både for høgskule og universitet.

### Eksternt

Tenesteyting: Osterøy kommune har samarbeid med Nordhordlandskommunane når det gjeld ulike helsetenester, som til dømes Nordhordland legevakt og ØHD-senger, der Alver er vertskommune. Samarbeidet om ØHD-senger vart avslutta 31.12.2022. Denne tenesta vart oppretta i eigen kommune på Osterøytunet 01.01.2023.

Utval: Saman med dei andre kommunane deltek kommunen i områdeutval og blir representert inn i helsefellesskapet mellom kommunar og sjukehus. Kommunalsjefane i Nordhordland er styringsgruppe for Fag- og tenesteutvikling i det nye Helsehuset i Knarvik. Osterøy kommune representerar Nordhordlandskommunane i regionalt fag- og prioriteringsutval i DigiVestland, samt i styringsgruppa for nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i helse Bergen sitt føretaksområde.

## Året 2022

### Sektorleiing

- Forarbeidet til overgang til nytt elektronisk journalsystem for heile sektoren varte i store delar av 2022. Heile sektoren hadde spesielt hausten eit stort arbeid i oppbygging og opplæring i systemet før iverksetting 01.01.23.
- Vakant nestleiarstilling
- Oppstart av organisasjonsendring, mot nedlegging av eining Helse
- Innmelding og oppstart av læringsnettverket - Gode pasientforløp. Nettverket er forankra i samarbeidsutvala i Vestland. Målet med arbeidet er å sikre brukarane sitt behov for å møte heilskaplege, koordinerte og trygge tenester.

### Helsetenester

- Innledande møter og samtalar rundt framtidig organisasjonsendring
- Frå oktober vakanse på ein fastlege. Dette varte ut året og inn i 2023

### NAV

- Eininga har jobba spesielt med målområdet *medarbeidar*. Tema har m.a vore veiledning ift kryssrolla rådgjevar-veileidar-saksbehandlar-støtte for brukar, medbestemming, møtestruktur og fagutvikling

### Osterøytunet

- Osterøy kommune var fakturert for 777 liggedøger i 2022. Belegg på Osterøytunet var 57,2 plassar på totalt 57 plassar. Dette syner eit stort press på sjukeheimplass i 2022.

## Heimetenesta

- **Årsturnus** for 2022/23 var eit stort og interessant arbeid. Tilsette kom med innspel til korleis dei ønska å jobbe og ha friperiodar. Det var eit stort puslearbeid å prøve å innfri alle ønskjer. Tidsperspektivet for å «pusle» årsturnus er 2 månaders arbeid (2 personar i ein måned). Tilbakemeldingane frå tilsette har vore veldig gode.
- **Langvakter** på 12,5 timar på helg blei innført ved ny årsturnus 2022/23, og er ei frivillig ordning. Dei tilsette arbeider fleire timar på helg, men får meir samla fri. Evaluering av langvakter er positiv og fleire tilsette har ønska langvakter i ny turnus 2023/24.
- **Sjukepleiarteam** på kveld og helg blei oppretta i samband med ny årsturnus for 2022/23. Bakgrunn for oppstart av team er å nytte sjukepleiarkompetansen betre - rett kompetanse på rett plass. Erfaring frå teamet viser at sjukepleiar har meir konsentrert tid til dei sjukaste sjuke, bidreg med kartlegging av nye brukarar og naudsynt administrativt arbeid.

## Psykisk helse og rusomsorg

- Ny lovpålagt oppgave: Rådgivende enhet for russaker
- Aukande behov både i rusomsorg og til psykisk helseteneste
- Auka behov for tilpassa bustad til den delen av brukargruppa som treng forsterka bustad
- Temaplan for psykisk helse og rusomsorg har vært under utarbeiding
- Stor turnover på tilsette dette året

## BUA

- **Pandemi og post pandemi**

Året starta med høgt sjukefråvære som følgje av pandemi og «frislepp» av restriksjonar frå overordna myndigheter. Dette medførte høge kostnader og høg arbeidsbelastning på tilsette og leiarar i eininga. Perioden frå Januar tom April måned var prega av dette for eininga og for sektoren.

- **Rekrutteringsutfordringar og ferieavvikling**

Rekruttering til helgestillingar, tilkallingsvikarar og ferievikarar har vore særskilt utfordrande i 2022. Dette førte til at eininga gjekk inn i ferieavvikling med «hol i turnusane». Mange ubesatte vakter og mangel på rett kompetanse i bustadane førte til ein sommar med høg arbeidsbelastning for tilsette og leiarar. Bu- og avlastingstenesta gjennomførte budsjettnedtrekk av 1 avdelingsleiarstilling frå juli 2022

- **Avlastingstilbod i eininga**

Ved inngangen til 2022 var det mindre planlagt avlastning grunna overgang til bufelleskap i eininga. Avlastingsbustaden står utan miljøterapeutstilling og består i hovudsak av mindre stillingar knytt til helg, skuleferie og sommar. Dette i kombinasjon med redusert leiarressurs for konsekvens for den faglege kvaliteten i tilbodet ved avlastninga. I løpet av året auka tal søknadar knytt til avlastning.

- **Oppstart av nytt butiltak i eininga**

Nytt butiltak for ein ressurskrevjande tenestemottakar hadde oppstart haust 2022.

- **Samanslåing av turnus for 2 tenestetiltak i eininga**

2 tenestetiltak i eininga har i løpet av året arbeidd med samarbeid knytt til drift og fag. Dette leda frem til ei samanslåing av turnus for tenestestadane med oppstart frå september 2022. Dette gir ei innsparing for året 2023 budsjettert til 700 000 kr.

- **Bortfall av tenestebehov**

I to bustadar har det vore endringar i tenestebehov i 2022. Prosess med nedbemanning starta i november 2022 og fortset inn i 2023. Det er budsjettert for 2023 med eit nedtrekk av årsverk på 7,8 årsverk.

## Status økonomi

Beløp i 1000

| Avdeling                           | Rekneskap<br>2021 | Rekneskap<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr    | Avvik i %     |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|---------------|
| 400-Felles Helse, omsorg og sosial | 3 527             | 3 362             | 3 701             | 340           | 9,2 %         |
| 410-Helseteneste                   | 21 410            | 22 302            | 22 108            | -193          | -0,9 %        |
| 430-NAV sosial                     | 10 921            | 11 540            | 13 047            | 1 508         | 11,6 %        |
| 501-Osterøytunet                   | 67 194            | 72 955            | 65 285            | -7 670        | -11,7 %       |
| 502-Heimeteneste                   | 49 240            | 48 105            | 46 361            | -1 744        | -3,8 %        |
| 503-Psykisk helse og rusomsorg     | 13 619            | 15 170            | 14 539            | -631          | -4,3 %        |
| 505-Bu- og avlastningstenesta      | 61 145            | 62 133            | 61 113            | -1 020        | -1,7 %        |
| <b>Sum</b>                         | <b>227 056</b>    | <b>235 566</b>    | <b>226 155</b>    | <b>-9 411</b> | <b>-4,2 %</b> |

## Kommentar til status økonomi

**Kommentarar til dei største avvika.**

**Kommentar til dei største avvika:**

**Meirforbruk 2022 samla for sektoren : 9,4 mill**

**400 Felles: Mindreforbruk på ca. 340 000,-** . Skuldast sjukefråvær i leiinga i sektoren.

**410 Helsetenester: Omtrent som budsjett , men lite mindreforbruk på ca. 109 000.**

**430 NAV: Mindreforbruk på ca. 1,5 mill.** Lågare sosialhjelpsutgifter , noko sjukefråvær og meir refusjon frå staten.

**501 Osterøytunet: Meirforbruk 7,9 mill.** Overforbruk hovudsakeleg fordelt på meir bruk av vikarbyrå pga problem med å få tak i ferievikarar samt stort overforbruk på tenestekjøp av betalingsdøgn i sjukehus.


**502 Heimetenesta: Meirforbruk på kr. 1,8 mill.** Avvik skuldast som over bruk av vikarbyrå i ferier pga mangel på ferievikarar og vakansar på sjukepleiarstillingar.

**503 Psykisk helse og rusomsorg: Meirforbruk på kr. 631 000,-.** Meirforbruk skuldast lågare refusjon på resurskrevjande tenester.



**505 BUA: Meirforbruk på ca. 1 mill kr.** Avvik skuldast som over bruk av vikarbyrå i ferier samt nytt butiltak frå 1.10. 2022.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)



### Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

|                                                                      | Osterøy<br>2021 | Osterøy<br>2022 | Gausdal   | Sveio   | Sula      | Marker    | Hole    | Stryn     |
|----------------------------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------|---------|-----------|-----------|---------|-----------|
| <b>Produktivitet</b>                                                 |                 |                 |           |         |           |           |         |           |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *) | 1 457 589       | 1 684 921       | 1 771 813 | 681 883 | 1 598 875 | 1 406 833 |         | 1 568 373 |
| Utgifter per beboerdøgn i institusjon                                | 5 022           | 5 265           | 4 812     | 4 659   | 8 072     | 4 161     |         | 4 533     |
| <b>Kvalitet</b>                                                      |                 |                 |           |         |           |           |         |           |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner              | 100,0 %         | 100,0 %         | 100,0 %   | 100,0 % | 100,0 %   | 100,0 %   | 100,0 % | 100,0 %   |

\*) Inflasjonsjustert med deflator



## Årsmelding 2022

### Status politiske planer

|               |                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|---------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
